


2019

Årsrapport



SPK

STATENS PENSJONSKASSE

Innhold



1	Melding frå leiaren	1	Melding frå leiaren	side 4
2	Introduksjon	2.1	Samfunnsoppdraget	side 7
		2.2	Statens pensjonskasse i samfunnet	side 8
		2.3	Slik jobbar vi for medlemmane	side 9
		2.4	Slik jobbar vi for verksemdene	side 10
		2.5	Slik jobbar vi med reformer	side 11
		2.6	Nøkkeltal	side 12
		2.7	Dette leverer vi	side 13
		2.8	Leiinga og organisasjonen	side 14
3	Årets aktivitetar og resultat	3.1	Samla vurdering av aktivitetar, resultat og ressursbruk	side 16
		3.2	Mål og styringsparametrar	side 18
		3.3	Utgreiing om pensjon	side 20
		3.4	Utgreiing om personskade	side 30
		3.5	Utgreiing om lån	side 32
		3.6	Utgreiing om innsatsfaktorar	side 35
4	Styring og kontroll	4	Styring og kontroll	side 39
5	Vurdering av framtidsutsikter	5	Vurdering av framtidsutsikter	side 42
6	Årsrekneskap	6.1	Årsrekneskap for Statens pensjonskasse	side 45
		6.2	Årsrekneskap for Jernbanens pensjonskasseseffond	side 72
			Statistikk	side 75
			Vårt bidrag til Regjeringa sin inkluderingsdugnad	side 77
			Oppfølging av arbeidslivskriminalitet	side 78

1

Melding frå leiaren



Melding frå leiaren



”

Slik vi ser det, er regelendringar og digitalisering to viktige drivarar som gjensidig styrker kvarandre.

2019 var eit godt år for Statens pensjonskasse. Vi hadde ei stabil og effektiv drift med høg kvalitet. Vi leverte i all hovudsak godt på måla og resultatkrava frå departementet – samtidig som arbeidet med viktige reformer gjekk etter planen.

Den viktigaste datoen i 2019 var 21. juni. Då blei dei nye pensjonsreglane for offentlig tilsette (fødde i 1963 eller seinare) vedtatt av Kongen i statsråd. Dette historiske vedtaket representerer den største endringa i hovudproduktet vårt – alderspensjon – sidan Statens pensjonskasse blei oppretta i 1917.

Nye reglar for samordning mellom folketrygda og offentlig tenestepensjon, kommunereforma, samferdslereforma og nye personvernreglar er eksempel på andre reformer som har sett preg på verksemda i 2019.

Éi reform – utviklinga av ein modernisert premiemodell – må nemnast særskilt. Gjennom fleire år har departementet og SPK samarbeidd om å utvikle ein berekraftig modell som skal gjere verksemdene ansvarlege for sine eigne pensjonskostnader. Kostnadene til tenestepensjon utgjer rundt 17 % av lønnskostnadene og er såleis viktige

for rett prising av bruken av arbeidskraft i statleg sektor. Denne reforma er òg med på å skape ein velfungerande arbeidsmarknad i Noreg generelt sett.

Med desse reform- og utviklingsoppgåvene som bakteppe, er det ekstra tilfredsstillande å melde at vi har utført det viktigaste samfunnsoppdraget vårt – utbetaling av rett pensjon til rett tid – med ein høgare utbetalingskvalitet enn nokon gong. I 2019 sette vi i gang 25.000 nye pensjonar. Av desse blei berre tre utbetalte for seint, og om lag 99 % av utbetalingane var korrekte. Det er dette vi meiner med «høg utbetalingskvalitet».

Vi har òg halde ved lag posisjonen som den mest kostnads-effektive pensjonsleverandøren i Noreg. Det heng saman med at vi, gjennom eit kontinuerleg forbetringsarbeid dei siste fire-fem åra, har hatt ein produktivitetsvekst på om lag 30 %.

Drivarar som styrker kvarandre: Regelverks- endring og digitalisering

Den daglege drifta kjem alltid til å vere det vi prioriterer først. Vi skal levere det som er forventa av oss, og det gjorde vi i 2019. Men det er òg sentralt i samfunnsansvaret vårt å medverke til å gjennomføre reformer. Og lovendringane

som kom i 2019 er så langt dei siste i ei lang rekke endringar som til saman har ført til at det norske pensjonssystemet er mindre oversiktleg enn før for brukarane.

I lang tid framover kjem ulike variantar av regelverket til å treffe ulike årskull. Noko som igjen skaper større interesse for, og krav til, å tilpasse informasjon til ulike målgrupper. Parallelt med dette opplever vi at digitaliseringa av det norske samfunnet skyt fart, og SPK er i høgste grad ein del av denne utviklinga. Vi er ei digital verksemd, og det blir forventa av oss at vi skal ha ein høg grad av digital tenesteproduksjon og digital samhandling med andre verksemdar. Effektive, digitale beteningsløyser skal gi kundar og medlemmar eit godt grunnlag for å ta opplyste val.

Slik vi ser det, er regelendringar og digitalisering to viktige drivarar som gjensidig styrker kvarandre. Oppgåver knytte til desse to drivarane la føringar for verksemda i 2019 og forma dei strategiske framtidsmåla og vegvala våre.

Utviklingsprosjekta er i rute

For å sikre at SPK handterer alle regelverksendringane, har vi etablert pensjonsprogrammet Pro 25. I 2019 var nærmare éin av tre medarbeidarar direkte involvert i arbeidet med å implementere det nye regelverket og utvikle systema våre slik det var behov for. Dei andre tok imot leveransar i form av nye arbeidsverktøy, eller blei indirekte påverka fordi systemutviklinga grip inn i heile verksemda vår.

Pensjonsprogrammet Pro 25 er i rute. Vi har brukt 2019 til å gjere det nødvendige grunnlagsarbeidet for å førebu oss på ny offentlig tenestepensjon. Og vi er i rute til å nå den kritiske milestolpen hausten 2020. Då må systema våre

vere i stand til å handtere nye samordningsreglar, slik at vi kan pensjonere 1954-årskullet frå 1.1.2021.

Vi har sett brukaren i sentrum

«Enklare for brukarane» er ein sentral del av SPKs strategi mot 2023, som blei vedtatt våren 2019. Å seie at vi skal gjere det enklare for brukarane, er eit offensivt løfte i ei tid der regelverket er blitt meir differensiert, og det som gjeld for eitt medlem slett ikkje gjeld for eit anna. Mange, og til dels motstridande, medieoppslag om pensjon er med på å auke uvissa, men òg interessa. Dei tre siste åra har trafikken på spk.no auka med 165 %, og i 2019 sende vi ut 525 % fleire e-postar med proaktiv informasjon til medlemmane våre enn vi gjorde i 2018. Dette seier noko både om interessa og behovet for informasjon.

Vi forstår både interessa og behova til brukarane. Og allereie i midten av juni – ei veke før Stortinget vedtok nye pensjonsreglar – hadde vi eit simuleringsverktøy på plass på spk.no. Det var ingen ferdig utbygd kalkulator, men eit verktøy som gjorde det mogleg for medlemmane våre å få ei forståing av kva det nye regelverket inneber for dei.

Dette var ikkje den vanskelegaste, eller tyngste, leveransen vår i 2019. Men vi fekk god respons, og tiltaket kan stå som eksempel på kor viktig det er å tilpasse informasjonen til brukarane sine behov. Brukarundersøkingar viser elles at både kundar og medlemmar generelt er nøgde med oss. Men resultatane varierer ut frå kva produkt og kva for prosessar dei har vore gjennom, og vi veit at vi har eit forbettringspotensial.

Dette bora vi djupare i gjennom fleire større utgreiingar og brukarundersøkingar, som blei slutførte i 2019. Den

nye brukarinnsikta gav oss fundamentet vi trong for å planlegge forbetringstiltak som skal gjennomførast i åra framover.

Neste år er første store eksamen

2019 var eit travelt år. Men den verkeleg store prøven kjem først på hausten 2020, når både systema og saksbehandlarane må vere klare til å handtere nye samordningsreglar.

Det vil seie eit nytt år med krevjande prioriteringar mellom reformarbeid og dagleg drift. Slik blir det i fleire år framover. SPK har eit godt grunnlag for å kunne løyse desse utfordringane. Vi er ein organisasjon med høg kompetanse på alle relevante fagområde og er ei moderne, digital verksemd som har lang erfaring i å gjennomføre store utviklingsprosjekt samtidig som vi har stabil og effektiv dagleg drift.



Finn Melbø

Administrerende direktør

2

Introduksjon



Samfunnsoppdraget

Statens pensjonskasse (SPK) forvaltar pensjonsrettane til drygt éin million medlemmar. Vi skal samtidig vere ein trygg, føreseieleg og kostnads-effektiv samarbeidspartnar for medlemsverksemdene (kundane) våre. Å gjere pensjon enkelt, er den viktigaste ambisjonen vår!

Mange opplever at pensjon verkar vanskeleg. Likevel har vi valt å seie det høgt: Vi skal gjere det enkelt.

Det tyder ikkje at vi skal gjere regelverket enkelt. Det er ikkje mogleg. Vi står midt i ein reformperiode med ulike regelverk som lever parallelt, og i strategien vår for perioden 2019-2023 finst det ingen ambisjon om å få alle til å forstå alt. Ambisjonen vår er at alle skal forstå det dei treng å forstå, for å ta kvalifiserte val.

Kvar einaste medlem og kvar einaste kunde skal finne den informasjonen og dei verktøya dei treng – når dei treng det. Det er det vi meiner med å gjere pensjon enkelt!

Tryggleik er den viktigaste leveransen vår

Statens pensjonskasse er ei forvaltningsbedrift under Arbeids- og sosialdepartementet. Hovudoppgåva er å administrere tenestepensjonar etter Lov om Statens pensjonskasse, slik at drygt éin million medlemmar får rett yting til rett tid, samtidig som vi fastset og krev inn rett premie til rett tid frå dei drygt 1 400 kundane våre.

Ordningane vi forvaltar er ein viktig del av sparinga til alderspensjon. Innbakt i ordningane ligg òg viktige forsikringar ved sjukdom, uførleik og for etterlatne. Det vil seie at Statens pensjonskasse representerer tryggleik direkte eller indirekte for nærmare halvparten av Noregs

befolkning. For kundane våre er dette eit viktig verkemiddel for å trekkje til seg kompetente medarbeidarar.

Stort spekter av verksemdar

Blant dei største kundane våre finn vi Forsvaret, politiet og skulesektoren. SPK administrerer vidare særskilde pensjonsordningar for blant anna Den Norske Opera & Ballett, stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmar, Sametinget og følgepersonar i utanrikstenesta.

Vi administrerer òg Pensjonsordninga for apotekverksemd, der vi forvaltar pensjonsordninga sitt fond på 10,8 milliardar kroner. Ut over tenestepensjon administrerer SPK den statlege yrkesskade- og gruppelivsordninga, statens bustadlånordning og andre tilleggsprodukt.

Krav vi skal oppfylle:

Samfunnsoppdraget vårt er nedfelt i Lov om Statens pensjonskasse og i instruksen, og måla for 2019 er definerte i det årlege tildelingsbrevet frå fagdepartementet vårt.

I 2019 var måla at vi skulle:

- betale ut rett yting til rett tid
- fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid
- syte for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemmane og medlemsverksemdene
- syte for effektiv drift
- syte for god gjennomføring av reformer

Det siste punktet er særleg knytt til innføring av det nye samordningsregelverket, som blei vedtatt i 2018, og innføring av ny offentleg tenesteperson, som blei vedtatt i 2019. I tildelingsbrevet for 2019 blir det i tillegg presisert at SPK, til liks med andre offentlege verksemdar som kjøper

inn varer og tenester, har eit særleg ansvar for å motarbeide arbeidslivskriminalitet hos underleverandørane våre. SPK skal òg vere med på den statlege inkluderingsdugnaden, som går ut på å hjelpe personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, inn i arbeidslivet (sjå utgreiingar i vedlegget).

Generelt skal SPK arbeide for å ha godt omdømme og høg tillit i samfunnet og samarbeide med andre verksemdar og aktørar for å bidra til å nå måla. Vi skal bruke digitalisering som verkemiddel i drifta der det er formålstjenleg, og vi skal bidra til å skape gode digitale fellesløyser som effektiviserer drifta og styrker samhandlinga i statsforvaltninga.

Staten og fagdepartementet vårt

SPK skal vere ein fagleg rådgivar i pensjonsspørsmål, og vi skal bruke den faglege spisskompetansen vår til å gi råd i utforming av reformer og utviklingsarbeid. SPK har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere behov for regelverksendringar og gi melding om dette til departementet. Det årlege tildelingsbrevet kan òg femne om spesifiserte problemstillingar der departementet ønsker hjelp frå SPK som fagleg rådgivar.

Utbetaling og endring av pensjonar krev godt samarbeid med fleire statlege verksemdar som NAV og Skatt, i tillegg til andre leverandørar av offentleg tenestepensjon.


Statens pensjonskasse i samfunnet



Vi forvaltar pensjonsrettar og administrerer forsikringsordningar for drygt éin million medlemmar og familieane deira. Det inneber at Statens pensjonskasse direkte eller indirekte medverkar til økonomisk tryggleik for nærare halvparten av Noregs befolkning.

Statens pensjonskasse er underlagd Arbeids- og sosialdepartementet, og Stortinget har gitt oss eit samfunnsoppdrag som bygger på Lov om Statens pensjonskasse.

SPK gir råd til Arbeids- og sosialdepartementet i pensjonsspørsmål, og vi samarbeider tett med andre etatar – for eksempel NAV og Skatteetaten.



Slik jobbar vi for medlemmane

Ei verksemd legg ut ei stillingsutlysing:

Ola er ferdig utdanna og søker ein jobb i offentleg sektor. Det første møtet med Statens pensjonskasse kjem i stillingsutlysinga – der medlemskapen er omtalt.

Blir tilsett i jobb:

Ola får jobben, arbeidsgivaren melder frå til oss, vi legg Ola inn i systema våre og Ola si opptening startar. Vi sender Ola ein velkomstmål. Vi viser òg til spk.no. Der finn Ola både generell informasjon og relevant informasjon om sitt eige medlemsforhold (Mi side).

Første bustadkjøp:

Ola søker om bustadlån med den elektroniske søknaden. Framover kan han administrere lånet sitt via Mi side, og han blir jamleg oppdatert om renteutviklinga og annan relevant kundeinformasjon både via brev, mail og spk.no.

Får partnar og barn:

Ola stiftar familie. No blir det viktig å vite at kona og ungane er sikra etterlatnepensjon dersom han skulle falle frå.

Vidareutdannar seg:

Ola tar 40 prosent studiepermisjon i eitt år. Medlemskapen i SPK held fram, det same gjer oppteninga.

Byter jobb:

Etter permisjonen får Ola jobb i ei anna offentleg verksemd, med pensjonsordning i KLP. I tråd med overføringsavtalen mellom offentlege tenestepensjonsordningar, tar Ola med seg oppteningstida frå SPK.

Dersom Ola hadde skifta til ei privat verksemd, ville oppteninga ha stoppa opp. Men som tidlegare medlem ville han hatt ein pensjonsrett for tida han hadde jobba i offentleg verksemd. Vi hadde halde medlemsdata hans ved like, og han hadde fått informasjon.

Nytt jobbskifte:

Ola kjem tilbake til ein jobb som gir medlemskap i SPK, og oppteninga frå KLP blir registrert i systema våre.

Nytt regelverk:

Det kjem regelendringar som omfattar årskullet til Ola, og han får ein informasjonsmål frå SPK. Han kan òg lese om endringane på spk.no og på Pensjonsbloggen.

Blir skadd:

Ola er uheldig. Han skadar seg på jobben, og fordi verksemda der han jobbar har yrkesskade-forsikring hos oss, opprettar vi ei yrkesskadesak. Etter ein grundig prosedyre for å avdekkje omfang og følger blir det klart at skaden ikkje blir varig. Han kan halde fram i jobben. Han får erstatta behandlingsutgiftene sine.

Skiftar bustad:

Ola aukar bustadlånet og kjøper hus.

Nærmast seg pensjonsalder:

Ola nærmast seg pensjonsalder. Han får informasjon frå oss. Arbeidsgivaren hans inviterer han på pensjonistkurs – i regi av kursavdelinga i SPK.

Blir ufør:

Ola får helseplager som ikkje heng saman med arbeidsulykka han var utsett for. Han blir først 50 prosent ufør, men etter kvart aukar uføregraden til 100. Oppteninga held fram og Ola sine pensjonsdata blir halde ved like. Han får månadlege utbetalningar, og eit årleg etteroppgjer for å sjekke om utbetalinga han har fått, er rett.

Eit anna scenario for Ola kunne ha vore at han «berre» var sliten og valde å gå av med heil eller delvis AFP. Som AFP-pensjonist hadde pensjonsdata framleis blitt halde ved like. Han hadde fått månadlege utbetalningar, og eit årleg AFP-etteroppgjer for å

sjekke om utbetalinga han har fått, var rett.

Medlemsundersøking:

Ola kontaktar kundesenteret for å få svar på noko han lurar på. Etterpå får han ei lita spørjeundersøking.


Blir alderspensjonist:

Ola blir 67 år. På førehand har han fått brev om at uførepensjonen blir omgjort til alderspensjon. Ola får månadlege utbetalningar livet ut.

Etterlatne får pensjon:

Barna er for gamle til å få barnepensjon, men gruppelivsordninga gjer at kona har rett til etterlatnepensjon til ho dør. Medlemskapen til Ola held indirekte fram i drygt 20 år til.

Slik jobbar vi for verksemdene



Rapportering og betening

Alle leveransar og all betening til medlemsverksemdene våre er basert på dei dataa som verksemdene rapporterer inn kvar månad. Det første som skjer når ei verksemd inngår avtale med oss, er derfor at vi etablerer gode rutinar og gir god opplæring i rapporteringsverktøyet vårt på spk.no (Mi verksemd).

Rekneskapsleveransar og fakturering

Gjennom året får verksemdene tilsendt ei rekkje rekneskapsoppstillingar, premievarsel og andre leveransar knytte til premie og fakturering.

Prognosar og analysar

I tillegg til analysane vi leverer som grunnlag for rekneskapsleveransane, leverer vi prognosar og analysar på bestilling frå verksemdene. For eksempel oversikter og samanstillingar av AFP-uttak basert på bestanden til verksemda.

Tilfredsheitsmålingar

Vi blir kvart år målt i Aalunds bedriftsbarometer og TNS omdømmeundersøking i offentlig sektor. I tillegg gjennomfører vi våre egne undersøkingar. Verksemdene får for eksempel ei undersøking etter nokre faste leveransar.

Kundemøte

Sjølv om vi berre er lokalisert i Oslo, arrangerer vi møte med verksemdene over heile landet. Vi nyttar video- og telefonmøte der det er føremålstenleg.

Informasjon i ulike kanalar

Den daglege kommunikasjonen går via telefon og mail. Fleire gonger i året sender vi ut kundebrev med relevante opplysningar til dei ulike rollene hos medlemsverksemdene.

Kurs

Årleg held vi faste kurs for HR-personar, rapporteringsansvarlege og andre som har ulike roller i medlemsverksemdene våre. Vi held òg ulike kurs for medlemmar. Verksemdene kan kjøpe plassar på dei faste medlemskursane eller bestille skreddarsydde kurs. Vi held rundt 300 kurs i året.

Livshendingar hos tilsette

Ved tilsetjingar, oppseiingar eller når det skjer noko med medarbeidarane i verksemda, utløyser det ulike arbeidsoppgåver hos oss.

Messer og konferansar

SPK arrangerer fleire fellesmøte og seminar i året med ulike relevante tema for verksemdene som er kundar hos oss.

Slik jobbar vi med reformer

Teikninga til høgre viser systema og verktøya som må vere på plass og oppdaterte for at vi skal vere i stand til å utføre oppgåvene våre.

Nokre gonger tyder det at vi må endre system og verktøy vi allereie har. Andre gonger må vi utvikle nytt.


Samle oppgåver – sjå heilskapen

For å sikre kontroll, fornuftig ressursbruk og positive synergjar, er oppgåvene knytte til reformarbeidet samla i eitt program med ei sentral programstyring og fleire underliggjande prosjekt ([les meir om dette i kapittel 3.3.](#)).

Og fordi regelendringar femner om heile verksemda – frå oppdatering av regelmotoren, via heile saksbehandlingsgangen til informasjon og beteningsløysingar – er utvikling og dagleg drift knytte tett saman.

Involvere brukarane tidleg

Utviklingsmetodikken vår er basert på tidleg involvering av brukarar og hyppige leveransar ([les meir i kapittel 3.6. Innsatsfaktorar](#)).



Nøkkeltal for pensjonsordningane

Statens pensjonskasse administrerer

Medlemsverksemdar og medlemmar		2019	2018	2017
Medlemsverksemdar i pensjonsordningane	Tal	1390	1 415	1 413
Medlemmar	Tal	1 097 000	1 089 000	1 075 000
Yrkesaktive medlemmar	Tal	297 000	303 000	302 000
Delvis yrkesaktive og delvis pensjonistar	Tal	13 800	14 700	15 400
Pensjonistar	Tal	299 000	291 000	283 000
Oppsette medlemmar (personar med pensjonsrettar hos SPK frå tidlegare arbeidsforhold)	Tal	487 000	481 000	475 000
Tenestepensjon				
Opptente pensjonsrettar	Mill.kroner	570 000	551 000	530 000
Pensjonspremie	Mill.kroner	24 500	23 300	21 400
Utbetalte pensjonar	Mill.kroner	29 100	27 900	26 700
Lån				
Utlånsportefølje	Mill.kroner	45 700	42 700	49 100
Søknader om bustadlån	Tal	12 500	6 850	5 000
Lånekundar	Tal	44 500	44 300	49 800

Medlemsverksemdar og medlemmar		2019	2018	2017
Personskedeforsikring				
Premieinntekter	Mill.kroner	215	233	235
Utbetalte personskade- og gruppelivserstatningar (inkl. avgift NAV og div. honorar, ekskl. refusjonar)	Mill.kroner	285	329	313
Kapitalforvaltning				
Fondsmidlar i Apotekordninga	Mill.kroner	10 800	9 800	9 300
Årleg avkastning på fondsmidlane i Apotekordninga	Prosent	6,5	1,8	5
Utvalde hovudtal				
Talet på tilsette (gjennomsnitt for året ¹⁾)	Tal	398	395	389
Talet på avtalte årsverk (gjennomsnitt for året ²⁾)	Tal	389	386	378
Talet på utførte årsverk ³⁾	Tal	384		-
Samla tildeling post 01-99	Mill. kr	27 251		
Utnyttingsgrad post 01-29	Prosent	99,2		
Driftskostnader	Mill.kroner	585	555	518
Lønn i prosent av driftskostnader	Prosent	46	47	46
Lønn og sosiale kostnader per utførte årsverk	Kroner	700 000	692 000	640 000

1) **Talet på tilsette** er rekna ut som gjennomsnitt for året. Alle tal (2017 og 2019) er henta frå SSB. Ved utgangen av året hadde SPK 406 tilsette.

2) **Avtalte årsverk** er summen av talet på heiltidsjobbar (arbeidsforhold) og deltidsjobbar omrekna til 100 % stilling. Den same definisjonen som blir brukt av SSB. Alle tal er henta frå SSB.

3) **Utførte årsverk** er definert i PM-2019-13, og rundskriv R115 av 17. des. 2019. Dette er eit nytt nøkkeltal, og resultatet for 2019 er SPK sitt eige tal.

Dette leverer vi



Pensjon

SPK administrerer tenestepensjonsordningar for over éin million medlemmar i om lag 1400 medlemsverksemd. Samla sett omfattar desse ordningane opptente pensjonsrettar på 570 milliardar kroner, og kvart år syter vi for at drygt 300 000 pensjonistar får betalt ut opp mot 29 milliardar kroner i pensjon.

Ordningane vi forvaltar er lovregulerte og gjeld desse ytingane:

- alderspensjon, når medlemmen vel å ta ut pensjon
- alderspensjon særalder, for medlemmar som er i ei stilling med lågare aldersgrense
- AFP, når medlemmen vel å gå av tidleg
- uførepensjon, når medlemmen blir sjuk eller skadd
- etterlatnepensjon – når ein medlem døyr, får ektefelle og barn etterlatnepensjon

Dei sentrale pensjonsordningane vi forvaltar, er:

- SPK-ordninga – pensjonsordning for
 - tilsette i statleg verksemd
 - undervisningspersonale i skulesektoren – alle kommunar og fylkeskommunar, universitet og høgskular, private skular o.a.
 - tilsette hos verksemdar med tilknytning til staten – tidlegare verksemdar i staten, frivillige organisasjonar
- Pensjonsordninga for apotekverksemd (POA)
- Andre pensjonsordningar SPK administrerer:
 - Stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmar
 - Sametingsrepresentantar
 - Kunstnerisk personale ved Operaen
 - Oppdragstakarar i statlege beredskaps- eller familieheimar
 - Følgepersonar i utanrikstenesta

Personskade

Statens pensjonskasse leverer personskadeordningane på vegner av staten.

- yrkesskadeforsikring som dekker yrkesskade og yrkessjukdom
- gruppeliv er ei erstatningsordning til etterlatne (ektefelle og barn) som blir betalt ut når ein medlem døyr
- kompensasjons- og erstatningsordningar for skadde vernepliktige, soldatar og veteranar
- personskadar som er valda av statlege bilar
- personskadar som er omfatta av særavtalar for tenestereiser innanlands og utanlands og for stasjonering i utlandet og andre tariffesta erstatningsordningar for statstilsette

Personskadeordningane er med på å sikre medlemmane tryggleik i alle livsfasar. Om uhellet er ute, gir personskadeordningane dei skadelidde eller deira etterlatne ei eingongsutbetaling.

Kompensasjons- og erstatningsordningar for skadde vernepliktige, soldatar og veteranar er med på å sikre ei særskild gruppe som utset seg for risiko gjennom teneste for Noreg, anten ved øvingar i Noreg eller i internasjonale operasjonar.

Lån

SPK forvaltar bustadlånsordninga på vegner av staten, det har vi gjort sidan 1966.

Bustadlånsordninga er ein avtale for statstilsette som er forhandla fram av partane i arbeidslivet, og i 1988 blei avtalen knytt til Hovudtariffavtalen i staten.

SPKs medlemmar og pensjonistar kan søke om bustadlån på inntil 2 000 000 kroner med tryggleik i eigen bustad. Vi gir lån til kjøp av bustad, refinansiering og lån til oppussing av eigen bustad.

Leiinga og organisasjonen



Vi er ein tradisjonell linjeorganisasjon med fire forretningsområde og fem støtteområde. Men leveransane og tenestene våre følger ikkje dei organisatoriske skiljelinjene.


For å levere det vi skal, på den måten vi ønsker å levere, er vi avhengige av gode, tverrgående prosessar og tett samhandling mellom utviklings- og forretningsmiljøa.

3

**Årets aktiviteter og
resultat**



Samla vurdering av aktiviteter, resultat og ressursbruk



I kapittel 3 utdypar vi kva for aktiviteter og produkt/tenester som er effektive for brukarane våre og samfunnet, inndelte i dei 3 hovudproduktene våre; pensjon, personskade og lån. Deretter følger innsatsfaktorene, som er grunnlaget for leveransar til kundane og medlemmane våre

Figur; Resultatkjeda frå Direktoratet for økonomistyring – ein modell som blir nytta til å illustrere korleis ei verksemd, via ulike aktiviteter, gjer om innsatsfaktorar til produkt eller tenester med sikte på å bidra til ønskede effektar for brukarane og samfunnet.

2019 har vore eit svært godt år for SPK både på dagleg drift og gjennomføring av reformer. Samtidig som pensjonsprogrammet Pro 25 er i samsvar med planen, leverer vi rekordhøg kvalitet på pensjonsutbetalingar. Enn så lenge har vi òg halde ved lag ei effektiv drift i ei tid med reformer.

Fokus og aktiviteter

Hovudoppgåva vår i 2019 har vore å syte for stabil og effektiv dagleg drift, og samtidig gjennomføre reformer på ein god måte. Dette er ein krevjande balansegang, som blir tydeleg reflektert i den løpande risikovurderinga gjennom året.

Mens reformarbeidet naturleg nok fører til uvisse knytt til regelverksavklaringar, kompleksiteten i løysinga og det at ein er avhengig av andre, har det samtidig vore utfordrande for oss å gi medlemmar og medlemsverksemdar tilfredsstillande informasjon om det nye regelverket.


I tillegg har det vore krevjande å sikre tilgang på tilstrekkelege og riktige ressursar til reformarbeidet. Gjennom

tett oppfølging og løpande tiltak, har det samla risikobildet for SPK likevel halde seg stabilt gjennom året.

Utover gjennomføringa av pensjonsreformene og modernisert premiemodell, har òg kommune- og samferdselsreformene, i tillegg til ein uventa stor vekst i etterspurnaden etter lån, vore sterke drivarar for SPKs aktiviteter i 2019. Dessutan har vi vidareført og styrkt innsatsen vår for å sikre at vi rettar oss etter regelverket på personvern.

For å oppnå best mogleg vinst av reformarbeidet, og samtidig sikre gode leveransar på både kort og lang sikt gjennom reformperioden, har SPK vidare etablert ein ny verksemdsstrategi for perioden 2019-2023.

I tillegg til målet om effektiv drift i ei tid med reformer, støttar strategien opp om Regjeringa sitt mål på digitalisering og styrkt brukarorientering. I tillegg til reformarbeidet, er vi allereie i gang med ei rekke tiltak som gjer det «enkelt for brukarane».



Resultat og ressursbruk

I tildelingsbrevet til SPK for 2019 er desse mål- og resultatkrava fastsett:

1. Betale ut rett yting til rett tid
2. Fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid
3. Syte for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane
4. Syte for effektiv drift
5. Syte for god gjennomføring av reformer

SPK innfrir i stort alle mål- og resultatkrav med omsyn til å betale ut rett yting til rett tid. Unntaket er lån, der ein uventa stor søknadsinngang har ført til noko lengre behandlingstid. Kvaliteten på pensjonsutbetalingane våre i 2019 viste derimot eit rekordhøgt resultat på heile 98,8 %.

Vi nådde òg målet om å fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid. SPK innfridde leveransekrava både for berekna premie og rettidig faktura.

Løpande informasjons- og beteningstiltak gjennom året har vidare gitt god effekt. Brukarundersøkingane i 2019 viser ei positiv utvikling for både medlemsverksemdar og medlemmar. Med ei tilfredsheit på 86 % for medlemsverksemdar og 83 % for medlemmar, innfrir vi målet på 80 % med god margin.

Når det gjeld god gjennomføring av reformer, har pensjonsprogrammet Pro 25 levert i samsvar med planen. Den vidare gjennomføringsplanen er òg kvalitetssikra i tråd med vilkåra i tildelingsbrevet. Per utgangen av 2019 har SPK god kontroll på tilpassingane som er nødvendige når ein skal innføre reforma, og programmet er i hovudsak i rute til å nå dei kritiske milestolpane hausten 2020.

Arbeidet med eit modernisert premiesystem, den såkalla «ansvarsreforma», har òg vist god framdrift i 2019. Gjennom god dialog med ASD, har dette gitt eit godt grunnlag for å ta nødvendige avgjerder, slik at vi kan begynne å implementere løysinga innan 2021.

Som forventa viser resultatane i 2019 at det er krevjande å sikre effektiv drift i ei tid med reformer. Den årlege produktivitetsveksten på 6 % i perioden frå 2012-2017 har derfor stoppa opp. Gjennom målretta tiltak er kostnadsveksten som følge av reformarbeidet så langt avgrensa, og enn så lenge held SPK kostnadseffektiviteten ved lag i den daglege drifta.

I 2019 leverte SPK eit samla resultat på 78,9 millionar kroner, som er 27,3 millionar kroner svakare enn i 2018. Resultatutviklinga kjem i hovudsak av at prisane for forvaltning av pensjonar er nedjusterte, mens kostnadene har auka som følge av større volum og arbeidet med reformer. Prisreduksjonane er eit resultat av den gode produktivitetsutviklinga i perioden 2012-2017.

Elles viser årsrekneskapen for 2019 at SPK oppnådde kravet til kontant driftsresultat på 17,4 millionar kroner inklusive avsetjingar til investeringsformål på 55,6 millionar kroner. Det er vidare sett av 8,5 millionar kroner til reguleringsfond og trekt 2,6 millionar kroner frå annan verksemdskapital.

Alt i alt innfrir SPK dermed alle vesentlege mål- og leveransekrav i tildelingsbrevet for 2019.

SPK – Kort oppsummert

	2019	Endring frå 2018
Tal på medlemmar	1 097 000	+ 1,0 %
Tal på pensjonistar	299 000	+ 2,7 %
Tal på yrkesaktive medlemmar	297 000	- 2,0 %
Opptente pensjonsrettar	570 mrd.	+ 3,6 %
Utbetalte pensjonar	29,1 mrd.	+ 4,3 %
Premieinntekter	24,5 mrd.	+ 5,2 %
Sum utlån	45,7 mrd.	+ 7,1 %
Erstatningar personskade	0,3 mrd.	- 13,4 %
Årsresultat	78,9 mill.	- 25,7 %
Adm.kostnad i % av pensjonsrettar	0,09 %	~uendra

Mål og styringsparametrar

– i tråd med tildelingsbrevet

Mål og styringsparametrar	Resultat 2017	Resultat 2018	Mål 2019	Resultat 2019	Status-lampe	Kommentarar
MÅL 1: SPK skal betale ut rett yting til rett tid						
SPK skal betale ut rett pensjon						
Kvalitet i berekninga av nye og endra pensjonar Av nye og endra pensjonar skal minst 96 % vere utan vesentlege feil ved høvesvis første gongs utbetaling og endringstidspunktet. Feil over ± 100 kr per mnd bør reknast som vesentleg feil.	97,6 %	97,3 %	> 96 %	98,8 %		Stikkprøvekontrollen viser at det samla resultatet for nye og endra pensjonar er 98,8 % korrekt. Det er godt over målet for 2019.
SPK skal betale ut yting til rett tid						
SPK skal sikre at medlemmane får ytingane til rett tid i tråd med lov- og regelverk og SPKs fastsette fristar.						
Rettidig utbetaling av nye alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar Skal betalast ut frå første månad etter lønnsopphøyr etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre.	99,9 %	99,9 %	100 %	99,9 %		Det er 3 brot i 2019 som kjem av feil registrering og/eller oppfølging.
Utbetaling av yrkesskadeerstatning Forsikringssakene under yrkesskedeforsikring skal betalast ut innan fire veker etter at nødvendig dokumentasjon er mottatt.	88 %	87 %	> 85 %	83 %		Marginalt under målsetjinga for året, då det har vore 8 brot i 2019.
Utbetaling av gruppelivserstatning Utbetaling skal skje innan sju verkedagar etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre.	99,3 %	99,8 %	100 %	99,6 %		Det var berre 1 brot i 2019
Behandlingstid bustadlån (nye og refinansiering av lån) Alle søknader om nye bustadlån og refinansiering skal vere behandla innan 14 dagar.	13 dagar	30 dagar	< 14 dagar	32 dagar		Årsaka til den høge gjennomsnittlege behandlingstida i 2019, er stor vekst i søknadsvolumet som følge av ein uventa gunstig rentedifferanse i høve til marknaden. Etter tiltak blei behandlingstida redusert til 11 dagar ved utgangen av året.
MÅL 2: SPK skal fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid						
Rett premie Premien skal vere minst 98 % korrekt i tråd med mottatt grunnlag og føresetnader i premieutrekninga.	100 %	100 %	> 98 %	100 %		Det har i 2019 ikkje vore avvik mellom det SPK har fakturert i premie til kundane sine og underlaget mottatt til premieutrekninga.
Rettidig faktura Faktura skal effektuerast i tråd med fakturadato avtalt med verksemdene.	à jour	à jour	à jour	à jour		Fakturaene er sende ut på planlagt tidspunkt, dvs. til rett tid.

Mål og styringsparametrar		Resultat 2017	Resultat 2018	Mål 2019	Resultat 2019	Status-lampe	Kommentarar
MÅL 3: SPK skal syte for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane							
Kundetilfredsheit	Medlemsverksemdene skal vere like tilfredse som førre år.	–	79 %	80 %	86 %		Dette er ein auke på 7 % frå 2018 og godt over målsetjinga for 2019. Resultatet er likevel noko usikkert pga. låg svarprosent.
Medlemstilfredsheit	Medlemmane skal vere like tilfredse som førre år.	–	82 %	80 %	83 %		Dette er ein auke på 1 % frå 2018 og godt over målsetjinga for 2019. Det har vore ei positiv utvikling gjennom året og resultatet for 4. kvartal var på 86 %.
Sjølvbeteningsgrad	Sjølvbeteningsgraden for kundar og medlemmar (saker som blir løyste via heimesida til SPK) skal vere minst på nivå som førre år.	88 %	89 %	85 %	89 %		Sjølvbeteningsgrad er stabil i høve til 2018, godt over målet på 85 %.
MÅL 4: SPK skal syte for effektiv drift							
Pensjon	Administrasjonskostnad i % av forpliktingar Pensjonsrelaterte administrasjonskostnader i prosent av forsikringsteknisk avsetjing.	0,085 %	0,088 %	0,09 %	0,088 %		Admistrasjonsdelen er stabil i høve til 2018, og innanfor målalet for 2019. Dette kjem av noko lågare kostnader enn budsjettert.
	Einingskost pensjon Totalkostnaden for pensjonsproduktet som prosentdel av talet på medlemmar og pensjonar (Fakturerte).	433	437	449	444		Einingskostnaden viser ein vekst på 1,6 % i 2019 som følge av større volum og kostnader på kundebetening og IT (forvaltning).
Personskade-forsikring	Einingskost personskade Samla kostnad for personskadeproduktet som del av mengd forsikringsvedtak.	23.100	19.765	28.500	24.557		Einingskostnaden på personskade har auka i 2019 som følge av færre avslutta saker enn i 2018. Resultatet er framleis godt under målsetjinga.
Bustadlån	Einingskost bustadlån Totalkostnaden for låneproduktet som del av talet på løpande lån.	471	585	645	798		Auka einingskost i 2019 kjem av større ressursbruk pga. fleire lånesøknader, mens talet på løpande lån ikkje har auka tilsvarande.

Utreiing om pensjon

Pensjon er hovudproduktet vårt. Opp mot 90 prosent av den samla ressursbruken i SPK er knytt til drift og utvikling av pensjonstenestene våre. Trass i at 2019 har vore eit år prega av reformer, har vi ikkje berre halde drifta stabil og effektiv, men òg levert rekordhøg kvalitet i pensjonsutbetalingane våre.

Mål- og leveransekrav

SPK skal ha ei god forvaltning og korrekte pensjonsvedtak. Med referanse til tabellen i kapittel 3.2, er det i tildelingsbrevet for 2019 fastsett desse måla for pensjonsforvaltninga i SPK:

1. SPK skal betale ut rett yting til rett tid.

- Av nye og endra pensjonar skal minst 96 % vere utan vesentlege feil ved høvesvis første gongs utbetaling og endringstidspunktet. Feil i utbetalingar over +/- 100 kroner per måned skal reknast som vesentlege feil.
- Utbetalinga av nye alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar skal skje frå første måned etter lønnsopphør etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre.

2. SPK skal fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid.

- Premien skal vere minst 98 % korrekt i tråd med mottatt grunnlag og føresetnader i premieutrekninga.
- Faktura skal effektuerast i tråd med fakturadatoen som er avtalt med verksemdene.

3. SPK skal syte for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane.

- Medlemsverksemdene og medlemmane skal vere like tilfredse som førre år.
- Sjølvbeteningsgraden for medlemsverksemdar og medlemmar (saker som blir løyste via heimesidene til SPK) skal vere minst 85 %.

4. SPK skal syte for effektiv drift.

- Pensjonsrelaterte administrasjonskostnader i prosent av forsikringstekniske avsetjingar skal vere 0,09 %.
- Einingskostnaden per medlem skal vere 449 kroner.

5. SPK skal syte for god gjennomføring av reformer.

Ei god gjennomføring av reformer omfattar arbeidet med administrative førebuingar til nye samordningsreglar og ny offentlig tenestepensjon i pensjonsprogrammet Pro 25, og å utvikle og implementere eit modernisert premiesystem mot arbeidsgivarane, den såkalla «ansvarsreforma».

Fokus og utfordringar

2019 har vore eit år prega av reformer. I tillegg til arbeidet med nye samordningsreglar, ny offentlig tenestepensjon og modernisert premiemodell, har kommunereforma og samferdslereforma sterkt påverka arbeidet vårt på arbeidsgivarsida gjennom restruktureringar og slutt-oppgjer. I tillegg har vi lagt stor vekt på å legge til rette for eit modernisert folkeregister og vidareføre arbeidet vårt på personvern i alle arbeidsprosessane våre.

Pliktene våre i kvardagen blir ikkje borte sjølv om vi er i ei reformtid. Hovudutfordringa for året har derfor vore å syte for den rette balansen mellom utvikling og dagleg drift, slik at vi lykkast best mogleg på begge områda. Utfordringa med å sikre effektiv drift i ei tid med reformer ser vi tydeleg i risikobildet vårt. Vi opplever uvisse knytt til omfanget av reformarbeidet framover, både når det gjeld regelverksavklaringar, kompleksiteten i løysinga og det å vere avhengig av andre samarbeidspartnarar.

Samtidig er det utfordrande å sikre tilfredsstillande informasjon til medlemmar og arbeidsgivarar som følge av nytt regelverk. Vidare fører store endringar i produkt og kundemasse med seg risiko for feil både i fakturering og budsjettering/prognostisering i statsbudsjettet. Erfaring gjennom året viser dessutan at det er krevjande å sikre tilgang på tilstrekkelege og riktige utviklingsressursar til reformarbeidet.

I tillegg til risiko som følge av reformarbeidet, fører òg den nye personvernlovgivinga til risiko for SPK. Dette er eit krevjande regelverk, og vi risikerer at vi ikkje kjem heilt i mål med eigne tiltak innan dei oppsette fristane. Forseinka implementering av personverntiltak hos dei nærmaste samarbeidspartnarane våre, NAV og Skatteetaten, kan òg påverke drifta negativt. Mange manuelle berekningsprosessar kan i tillegg føre til risiko for at vi bereknar feil avkastning til fristilte verksemdar i SPK-ordninga.

Gjennom regelmessige risikoanalysar, tett oppfølging og risikoreduserande tiltak, har det samla risikobildet for SPK likevel halde seg stabilt gjennom året. Sjå nærmare omtale av dei risikoreduserande tiltaka under omtalen av aktivitetar på kvart einskild målområde.

MÅL 1: Rett pensjon til rett tid

I 2019 blei det til saman betalt ut 29,1 milliardar kroner i pensjonar frå ordningane som SPK administrerer. Det er ein auke på 1,2 milliardar kroner frå 2018, som svarer til 4,3 %. Det kjem i hovudsak av auke i grunnbeløpet i folketrygda (opp 3,07 %), og fleire pensjonistar gjennom året (auke på 2,7%).

Sjå figur: Utvikling i pensjonsutbetalingar og talet på pensjonistar



Pensjonsproduksjonen har vore jamn og stabil gjennom året utan vesentlege hendingar, og talet på nye og endra pensjonar har i tråd med bestandsveksten auka svakt.

Vi har sesongvariasjonar i uttaket av alderspensjon og AFP, og som tidlegare år hadde vi ein topp i sommar. Produksjonen blir òg prega av den årlege G-reguleringa og dei årlege etteroppgjera for høvesvis uførepensjon og AFP. I tråd med utviklinga i tidlegare år, handterer vi stadig meir av arbeidet maskinelt og automatisk, og etteroppgjerperiodane blir avslutta raskare.

Sjå figur: Talet på nye pensjonar fordelt på ulike pensjonsprodukt

Aktivitetar

I dei seinare åra har forbetring og effektivisering innan pensjoneringsområdet heile tida stått sentralt. Ettersom endringane i pensjonsregelverket enno ikkje har slått inn i saksbehandlinga, har SPK nytta høvet til å vidareføre det kontinuerlege forbetringsarbeidet også i 2019. Dette er gjort trass i at stadig fleire saksbehandlarar, fagekspertar og leiarar innanfor pensjonering har deltatt i reformarbeidet i Pro 25. Sidan vi reorganiserte saksbehandlarapparatet frå kundesegment til yting ved førre årsskifte, har det òg vore ein sentral aktivitet å følge opp den nye organiseringa for å sikre at ho set seg og gir resultata vi ønsker.



Resultat

Sjølv om pensjonsberekninga har betydeleg maskinell støtte, og stadig fleire av berekningane er heilautomatiserte, krevst det framleis mykje manuelt arbeid. Med nokon svært få unntak, blei likevel alle nye pensjonar også i 2019 betalte ut i tråd med utbetalingsgarantien. I dei få tilfella der det var brot, kom det av svikt i den manuelle oppfølginga.



Når det gjeld kvaliteten på pensjonsberekninga, viste den månadlege stikkprøvekontrollen at SPK i 2019 oppnådde det høgaste resultatet nokosinne. Samla for nye og endra pensjonar var resultatet 98,8 %, opp frå 97,3 % i 2018. Ser vi på nye og endra pensjonar kvar for seg, var resultata i 2019/2018 høvesvis 98,8 %/98,1 %, og 98,5 %/96,5 %.

Sjå figur: Utvikling rettprosent med glidande 12 månaders gjennomsnitt

Denne gode kvalitetsforbetringa kjem av fleire forhold. Det er grunn til å tru at reorganiseringa av saksbehandlinga har hatt mykje å seie. Den nye organiseringa gjer det mogleg å ha fokus på og spesialisere seg innan den ytinga som skal bereknast. Samtidig har den stadig aukande automatiseringsgraden og feilrettinga i systema sjølvstøtt og vore til hjelp. Innanfor saksbehandlinga, der dei siste reformene førebels ikkje har slått inn, har 2019 dessutan vore enda eit år med stabile og kjende pensjonsreglar.

Som i tidlegare år, er det elles svært få som klagar på pensjonsvedtaka i SPK, det vil seie pensjonen SPK fastset. Målt opp mot om lag 200 000 årlege vedtak, utgjorde saker til Trygderetten under éin promille. Dei fleste sakene gjeld tilbakekreving av for mykje utbetalt pensjon. Stort sett har Trygderetten gitt SPK medhald. I tråd med tidlegare år, har mengda heilt eller delvis omgjorde saker lagt stabilt på vel 10 %.

Mens vi ventar på at det nye pensjonsregelverket skal treffe saksbehandlinga, har 2019 dermed vore eit særdeles godt år innan pensjonering, med rekordhøg kvalitet i utbetalinga.



MÅL 2: Rett premie til rett tid

Opptente pensjonsrettar (premiereserven) som blir administrert av SPK auka med 20 milliardar kroner, tilsvarande 3,6 %, til 570 milliardar kroner per 31.12.2019.

Reserven for Pensjonsordninga for apotekverksemd (POA) utgjør 8 milliardar kroner av totalen. Som følge av lågare G-regulering, er auken noko lågare enn i 2018.

Sjå figur: Utvikling i samla premiereserve som blir administrert av SPK

Premiereserven er noverdien av opparbeidde pensjonsrettar for aktive og pensjonar under utbetaling. I SPK-ordninga er ca. 83 % av premiereserven knytt opp til alderspensjonar, 12 % til etterlatnepensjonar og 5 % til uførepensjonar.

Sjå figur: Premiereserven fordelt etter dekning

Når det gjeld den samla medlemsmassen, held den svake veksten på om lag 1 % per år fram. Utviklinga i talet på pensjonistar og oppsette held fram på tilsvarande måte. For yrkesaktive derimot, har trenden snudd, med ein nedgang på 2 % i 2019.

Dette kjem truleg av samferdslereforma og utmeldinga av fristilte verksemdar som følgde etter denne. Samla sett har dette ført til at vi ved utgangen av 2019 for første gong har fleire pensjonistar enn premiebetalande yrkesaktive i ordningane som SPK administrerer.


Sjå figur: Utviklinga i talet på pensjonistar og yrkesaktive

Totalt blei medlemsverksemdene som SPK administrerer fakturert for 24,5 milliardar kroner i premie. Dette er ein auke på 1,2 mrd kroner frå 2018, tilsvarande 5,2 %.


Auken kjem stort sett av utviklinga i lønn og grunnbeløpet (G) i folketrygda, og at nokon fleire verksemdar er gjort ansvarlege for premiekostnadene sine.

Sjå figur: Utvikling i pensjonpremie


Utvikling i samla premiereserve som blir administrert av SPK




Premiereserven fordelt etter dekning



Utviklinga i talet på pensjonistar og yrkesaktive



Utvikling i pensjonpremie



Medlemsverksemdene i Pensjonsordninga for apotekverksemd (POA), fristilte statlege verksemdar som er organiserte som AS/ASA, og enkelte andre verksemdar i SPK-ordninga, har ein premiemodell der dei blir tilførte ei fondsbasert avkastning på pensjonsmidla.

For POA skjer dette gjennom aktiv forvaltning av midla i den fonderte ordninga, mens det for verksemdene i SPK-ordninga blir berekna ei avkastning basert på fiktive fond (FIK). I 2019 var totale midlar til forvaltning ca. 58 milliardar kroner, fordelte med 47 milliardar på FIK-fonda i SPK-ordninga og 11 milliardar på POA.

Når det gjeld FIK-fonda i SPK-ordninga, er avkastninga for 2019 prognostisert til 1,6 %, ein auke på 0,1 %-poeng frå 2018, mens avkastninga for POA blei på heile 6,5 %, ein auke på 4,5 %-poeng frå 2018. Årsaka til at FIK-fonda har ei lågare avkastning enn POA, er at FIK-fonda i hovudsak berre omfattar statsobligasjonar, mens POA har ein breiare investeringsprofil med mellom anna både aksjar og eigedom. [Sjå figur: Avkastning på pensjonsmidlar – utvikling dei siste 10 åra](#)

Når ein reknar ut den årlege premien, legg ein til grunn ei «berekningsrente» på 3 %. I 2019 ligg avkastninga for SPKs FIK-fond 1,4 % under denne berekningsrenta. For dei rundt 80 medlemsverksemdene som har FIK-fond, utgjer dette ein samla premieeffekt på nesten 700 millionar.

Aktivitetar

I tillegg til den daglege produksjonen av tenester til medlemsverksemdene, har hovudfokus på premiesida i 2019 vore arbeidet med ein modernisert premiemodell, tilrettelegging for fakturering i samsvar med ny offentlig tenestepensjon, og utviklinga av eit nytt premie- og reserve-system i pensjonsprogrammet Pro 25 (Prosjekt Presis). Formålet med den moderniserte premiemodellen er at


verksemdene i større grad skal gjerast ansvarlege for Pensjonskostnadene sine. I arbeidet inngår ei vurdering av framtidige premiemodellar som skal nyttast for dei ulike medlemsverksemdene i SPK, og sjåast opp mot modellar som blir brukte hos andre pensjonsleverandørar.

Vidare er arbeidet med modernisert premiesystem tett koordinert med innføringa av fakturering for ny offentlig tenestepensjon og utviklinga av nytt premie- og reserve-system. Dette har vore eit langsiktig arbeid i god dialog med ASD. Framdrifta i 2019 har gitt eit godt grunnlag for å kunne ta nødvendige avgjerder, slik at vi kan begynne å implementere innan 2021.

Samferdslereforma førte vidare til ein vesentleg auke i talet på frittstående verksemdar som melde seg ut av SPK. Dette arbeidet krev både omfattande berekningar og kundedialog.

Samla sett blei det netto betalt inn 1,5 milliardar kroner i eingongsoppgjer og sluttoppgjer, inklusive avrekningar i premien for året.

I tillegg til at utmeldingane auka, førte samanslåinga av kommunar og fylkeskommunar til at SPK måtte gjennomføre endringar i sine data, og tilpasse berekningar og prosessar for å sikre ei god handtering av samanslåingane.



* Prognose 2019 frå kontoutskrift 2017

I samband med kapitalforvaltning arbeidde vi i 2019 særleg med tilpassingar som følge av nytt regelverk knytt til verdipapirhandel og pensjonsføretak, profesjonalisering av den finansielle risikostyringa, og forslag til ny modernisert avkastningsmodell for SPK-ordninga i lys av driftsrisikoen i dagens modell.

Resultat

Målingar av kvaliteten på premieberekningar i SPK, viser at det i 2019 ikkje har vore avvik mellom underlaget ein har tatt imot til premieberekninga og det SPK har fakturert til verksemdene. Vidare er all fakturering gjennomført i tråd med avtalt faktureringsdato.

Sett saman med gjennomførte aktivitetar på modernisert premiemodell, tilrettelegging for fakturering i samsvar med ny offentlig tenestepensjon, og utvikling av nytt premie- og reservesystem i pensjonsprogrammet Pro 25

(prosjekt Presis), har SPK levert fullt ut i tråd med ASDs mål- og leveransekrav på premieområdet i 2019.

MÅL 3: Tenester og informasjon tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane

Talet på førespurnader kundesenteret har svart på, auka med heile 8 % i 2019. Vi reknar med at det er eit resultat av at reglane for ny offentlig tenestepensjon blei vedtatt dette året.

Sjå figur: Utvikling i samla førespurnader til kundesenteret

Chat, som er ein effektiv kanal der vi kan handtere fleire førespurnader samtidig, hadde den desidert største auken, med heile 39 %. Som følge av førespurnader om å berekne pensjonsprognosar i samsvar med det nye regelverket, auka talet på e-postar med 13 %, mens talet på førespurnader via telefon heldt seg stabilt.

Sjå figur: Utvikling i fordelinga av førespurnader på dei tre kanalane til kundesenteret



Besøk på nettsidene våre, spk.no, auka 4-5 gonger meir enn på kundesenteret. Hovudårsaka til denne veksten var at vi sende ut stadig meir informasjon, og at vi introduserte ein enkel pensjonskalkulator for ny offentlig tenestepensjon.

På dei opne sidene våre fekk vi over 1,6 millionar besøk, som svarer til ein auke på 33 % frå 2018, mens innlogga sider for medlemmar, Mi side, viste ein auke på heile 40 %.

Sjå figur: Utvikling i besøk på spk.no

Medlemsverksemdene har òg hatt eit stort behov for informasjon i samband med det nye regelverket, i tillegg til at førebuingar til kommunereforma har ført til meir dialog.

Elles har vi hatt eit stabilt aktivitetsnivå med omsyn til møte, seminar og kurs overfor verksemdene.



Aktivitetar

Førebuingane til ny offentleg tenestepensjon har naturleg nok vore det mest sentrale i arbeidet mot medlemmar og medlemsverksemdar i 2019. Vi har derfor brukt mykje ressursar på å informere om endringane og kva det inneber.

For å sikre heilskapleg og koordinert informasjon, er det blant anna etablert ein felles kommunikasjonsplan på tvers av alle kanalane våre. Samtidig ser vi at det er større kompleksitet i førespurnadene vi får, noko som stiller høgare krav til kompetansenivået til dei som skal betene kundar og medlemmar.

SPK har ein ambisjon om at hovudvekta av medlemmane våre skal finne den informasjonen dei treng, når dei treng han – og at dei skal kunne betene seg sjølve. For å nå ambisjonen har vi i 2019 gjennomført fleire aktivitetar for å auke innsikta vår i kva brukarane har behov for.

Til arbeidet har vi mellom anna nytta tenestedesign som metodikk for å utvikle løysingar som møter behova til brukarane, og vi har i større grad enn tidlegare brukartesta både planlagde informasjonsaktivitetar og løysingar undervegs.

Parallelt jobbar vi med å vidareutvikle den interne kulturen vår til å bli ein brukarorientert kultur, der tilbakemeldingar frå kundar og medlemmar er viktige drivarar for det kontinuerlege forbettings- og utviklingsarbeidet vårt.

Resultat

Når det gjeld medlemsverksemdene våre, viser brukarundersøkingar at 86 % av dei spurde er tilfredse med SPK som pensjonsleverandør i 2019. Dette er ein oppgang frå 79 % i 2018. Trass i noko låg svarprosent, tyder dette likevel på at kundane er godt nøgde med tenestene og informasjonen vår. Aalund bedriftspensjonsbarometer,

ei ekstern og uavhengig undersøking av leverandørane i den norske tenestepensjonsmarknaden, stadfester dette. Her ligg SPK framleis i toppsjiktet. Resultata viser at effektive sjølvbeteningsløysingar og høg kompetanse blant medarbeidarar har medverka til å halde ved lag ei høg tilfredsheit og eit godt omdømme i ei tid med store endringar.

Brukarundersøkingane viser vidare at medlemmane framleis er godt nøgde med oss. I 2019 har vi ein tilfredsheitsgrad på 83 %, dette er ei marginal forbetring frå 2018. Resultata varierer litt ut ifrå kva for pensjonsprosess dei har vore gjennom. Dei medlemmane som har fått AFP er mest tilfredse, mens medlemmar som går frå aktiv til alderspensjon er noko mindre tilfredse.

Hovudårsaka til at medlemmar som går frå aktiv til pensjonist er noko mindre nøgde, kan henge saman med

at dei opplever liten grad av informasjon frå dei sender inn søknaden, til vedtaket blir gjort. Dette er òg ein drivar for førespurnader til kundesenteret. Betre prosessar her kan derfor gi oss vinstar på fleire område.

Meir generelle tilbakemeldingar frå undersøkingane tyder likevel på at vi har evna å gi god informasjon og tryggleik til medlemmane i ei krevjande reformtid. TNS Kantars årlege undersøking, som måler omdømme i befolkninga til verksemdar i offentleg sektor, stadfester dette.

I undersøkinga for året kjem vi betre ut enn i undersøkinga i 2018. Blant 33 verksemdar er SPK blant topp ti i Noreg; på åttande plass.

Sjå figur: Fig 3.4: Utvikling i kunde- og medlemstilfredsheit


Trass i at ny offentleg tenestepensjon har ført til mange fleire førespurnader, og at desse har blitt meir komplekse, har vi i 2019 greidd å halde ved lag ein sjølvbeteningsgrad på heile 89 %.

Det viser at vi lykkast i arbeidet vårt for å gjere det enklare å halde orden på tenestene og informasjonen frå oss, slik at medlemmane og kundane kan betene seg sjølve. Det inneber at SPK alt i alt òg innfridde alle kvalitets- og leveransekrav på kunde- og medlemsbetening i 2019 med god margin.

MÅL 4: God gjennomføring av reformer

Pensjonsprogrammet Pro 25 består av 2 fasar. Fase 1 er administrative førebuingar til dei nye samordningsreglane som skal ta til å gjelde frå og med 2021, mens fase 2 er administrative førebuingar til ny offentleg tenestepensjon, der oppteningsreglane allereie tar til å gjelde frå 2020.

Dei nye samordningsreglane blei vedtatt i Stortinget i juni 2018, mens hovudtrekka i det nye regelverket for offentleg



tenestepensjon først blei vedtatt våren 2019. Sentrale delar av det nye regelverket, mellom anna ny AFP og oppteningsreglar for personar med særaldersgrense, er framleis under utgreiing.

Nye samordningsreglar (fase 1)

Fase 1 av Pro 25 omfattar desse tre delprosjekta:

- Ny saksbehandlingsløyising for nye samordningsreglar (prosjekt Proakt)
- Modernisert arbeidsflate (prosjekt Prima)
- Nytt premiesystem (prosjekt Presis)


Arbeidet starta opp i 2017, og skal etter planen slutførast i 2022.

Etter den eksterne kvalitetssikringa våren 2019, er den totale forventa prosjektkostnaden for fase 1 estimert til 484 millionar i 2019-kroner. Per utgangen av året er akkumulerte prosjekt-kostnader så langt 162,7 millionar kroner, av desse blei 98,3 millionar brukt i 2019.

Prosjektet er framleis under oppskalering, og forbruket i 2019 viste derfor ein auke på heile 65 % frå 2018, som svarer til 38,8 millionar. Etter nokre svingingar gjennom året er framdrifta no i tråd med planen, og for fase 1 av programmet er vi no i all hovudsak i rute til å nå dei kritiske milestolpane hausten 2020.

I samsvar med tildelingsbrevet er det gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av fase 1. Denne viste ein auke i forventa totalkostnad på om lag 11 % (49 mill.) som følge av noko større omfang og høgare prisar for å leige inn konsulentar.

Samtidig viste kvalitetssikringa at det er mindre uvisse knytt til arbeidet som står att. I samsvar med kvalitetssikringa har programmet endra styringsrammer og revidert prosjektplanane for fase 1.



Her er ei oversikt over aktiviteten i dei ulike delprosjekta:

Prosjekt Proakt:

Hovudmålet er å utvikle ei saksbehandlingsløyising for nye samordningsreglar som gjer oss i stand til å saksbehandle pensjonar med nye reglar hausten 2020. I 2019 har prosjektet fått på plass beteningsløyisingar for nye samordningsreglar både for interne og eksterne brukarar. Prosjektet er i all hovudsak i rute med planlagde leveransar.

Prosjekt Prima:

Hovudmålet er å erstatte sentrale delar av arbeidsflata i saksbehandlarsystemet vårt før levetida for teknologien i den gamle arbeidsflata går ut 1.1.2021. Omfanget av den nødvendige funksjonaliteten har auka i løpet av 2019, og prosjektet har derfor måtta prioritere arbeidsflatene som prosjekt Proakt er avhengig av for å kunne saksbehandle pensjonar for nye samordningsreglar.

Det auka omfanget i prosjektet fører til at ein større del av arbeidsflata må leve vidare utan brukarstøtte frå leverandør etter 1.1.2021. SPK vurderer likevel risikoen knytt til dette for å vere forsvarleg.

Prosjekt Presis:

Hovudmålet er å erstatte dagens premiesystem og fakturere frå det nye systemet frå 2021. SPK sende i november 2019 oppseiing til leverandøren av det eksisterande premiesystemet med verknad frå 1.1.2021.

Etter nokre utfordringar er utviklingsfarten i prosjektet no stabilisert. Likevel er det framleis noko usikkert om ein rekk å bli ferdig med ei akseptabel løyising til 2021. Det er derfor sett i verk risikoreduserande tiltak, mellom anna vurderer ein alternative løyisingar for fakturering frå 2021 utan det eksisterande premiesystemet.

Ny offentlig tenestepensjon (fase 2)

I samsvar med tildelingsbrevet for 2019, skal SPK, på grunnlag av relevante lovvedtak, vidareføre IKT-førebuingane sine slik at ein ny offentlig tenestepensjon kan setjast i verk i tråd med vedtak i Stortinget.

Etter at hovudtrekka i regelverket for ny offentlig tenestepensjon blei vedtatt våren 2019, sette SPK i gang ein forstudie for å sjå på ulike alternativ for korleis ein kunne gjennomføre ei nødvendig systemutvikling. Utreiinga er planlagt slutført våren 2020.

Ettersom nye oppteningsreglar tar til å gjelde allereie frå 1.1. 2020, sette vi vidare i gang utviklingsarbeid i samband med nye berekningsreglar og minimumsløysingar for beteninga av kundane og medlemmane våre. Som resultat har prosjektet i 2019 fått på plass berekningsstøtte for hovudtrekka i det nye regelverket, og sikra at vi varetek nye oppteningsreglar frå 1.1.2020.

Per utgangen av 2019 er akkumulerte prosjektkostnader så langt berre 7,8 millionar kroner, av desse er 7,3 millionar forbrukt i 2019. Sett i lys av at fase 2 framleis er i ein forprosjekteringsfase, har ein så langt ikkje utarbeidd noko estimat for samla forventa prosjektkostnader.

Når det gjeld planverket for fase 2, er det i dialog med Finansdepartementet avklart at fase 2 skal følge eit tilsvarande kvalitetssikringsregime som fase 1, og dermed blir unntatt frå KS-ordninga.

Resultat

I 2019 har pensjonsprogrammet Pro 25 levert etter planen, og den vidare gjennomføringsplanen har slik ein rekna med gjennomgått ei omfattande kvalitetssikring. 2019 gir derfor eit godt fundament for 2020, der fase I har fleire kritiske milestolpar.

MÅL 5: Effektiv drift

Å legge til rette for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar er eit sentralt mål for SPK. Gjennom å orientere oss mot prosessar og kontinuerleg forbetre teneste- og leveranseprosessane våre, med blant anna tiltak for meir automatisering og sjølvbetening, har vi over tid oppnådd ei vesentleg produktivitsutvikling på pensjon. Som resultat viste totale administrasjonskostnader per medlem, justert for lønns- og prisvekst, ein nedgang på 30 % frå 2012 til 2017, som svarer til ein gjennomsnittleg årleg produktivitsvekst på 6 %.

Aktivitetar


Erfaring viser likevel at det er krevjande å sikre effektiv drift i ei tid med reformer. I 2019 opplever SPK det same. Utviklingsfokus og -ressursbruk blei stort sett retta mot gjennomføringa av reformene, og det resulterte i at kapasiteten til det kontinuerlege forbetningsarbeidet ute i einingane blei vesentleg redusert.

Unntaket er pensjoneringsområdet, der produksjonen også i 2019 har vore prega av stabile og kjende pensjonsreglar. Her har det derfor framleis vore noko kapasitet til vidare forbetningsarbeid. Ut frå målsetjinga om ikkje å auke talet på årsverk innanfor pensjering, sjølv om talet på løpande pensjonar held fram med å stige, har arbeidet mellom anna vore retta mot spesialisering i organisasjonen.

Ein tilleggseffekt av å innfri årsverksmålet, er at vi òg har oppnådd gode resultat når det gjeld omfanget av avskrivingar fordringar. Ei stadig kortare tid før saker blir behandla har derfor ført til at avskrivingar er redusert med 38 % frå 2018. [Sjå figur: Utvikling i avskrivingar](#)

Det er meir enn det kontinuerlege forbetningsarbeidet i den daglege produksjonen som blir påverka i ein reformperiode.

Utvikling i avskrivingar



For SPK har vi for eksempel fått meirkostnader til å handtere førespurnader frå kundar og medlemmar. For å avgrense den negative kostnadsutviklinga som følge av dette, har det i 2019 vore ei prioritert oppgåve å legge til rette for meir sjølvbetening på spk.no.

Ressursstyring og rekruttering av medarbeidarar til reformarbeidet er òg svært arbeidskrevjande. Det er gjennom året lagt ned eit stort arbeid for å sikre både føremålstenlege rekrutteringsprosessar og innleigeavtalar. For vidare å kunne møte stadig fleire forvaltningsoppgåver som følge av nyutvikla løysingar, arbeider vi heile tida med å effektivisere IT-forvaltninga vår.

Resultat



Sett i lys av utfordringa med å sikre effektiv drift i ei tid med reformer, var den overordna målsetjinga for produktivtetsarbeidet i 2019 å avgrense ei negativ utvikling i kostnadseffektiviteten til 2-3 %.

Som venta, viser resultata at produktivtetsveksten har stoppa opp etter at reformarbeidet blei sett i gang. Gjennom målretta tiltak for å avgrense meirkostnadene, i tillegg til at vi òg i 2019 har hatt kapasitet til å heile tida bli betre innanfor pensjonsproduksjonen, har vi likevel greidd å halde den negative utviklinga i kostnads-effektiviteten lågare enn venta. Resultatet for 2019 viser derfor ein administrasjonskost per medlem på 444 kroner, tilsvarande ein kpi-justert auke frå 2018 på berre 1,6 %, noko betre enn målalet. Kostnadsveksten frå 2018 er primært knytt til kunde- og medlemsbetening, og IT-forvaltning.

Sjå figur: Utvikling i administrasjonskost per medlem

Når det gjeld administrasjonskostnader i % av pensjonsforpliktingar, blei resultatet også der noko betre enn venta med 0,088 % i høve til målalet på 0,09 %.

Sjå figur: Utvikling i administrasjonskostnader i % av pensjonsforpliktingar



Utgreiing om personskade

Det samla saksvolumet var stort sett stabilt på personskade i 2019, og alle mål- og leveransekrav er innfridde.

Mål- og leveransekrav

Som det går fram av tabellen i kapittel 3.2, er det for 2019 fastsett desse måla for forvaltninga av personskadeordningane i SPK:

1. SPK skal betale ut yting til rett tid

- 85 % av forsikrings sakene under yrkesskade-forsikringa skal betalast ut innan fire veker etter at nødvendig dokumentasjon er mottatt
- Utbetaling av gruppelivserstatning skal skje innan sju verkedagar etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre

2. SPK skal syte for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemmane

- Medlemmane skal vere like tilfredse som førre år

3. SPK skal syte for effektiv drift

- Einingskostnaden per forsikringsvedtak skal vere 28 500 kroner

Fokus og utfordringar

I dei tilfella der det blir tatt ut stemning mot staten ved SPK i personskadesaker, handterer SPK fleire av sakene på vegner av Regjeringsadvokaten. Som følge av ein auke

i slike saker i 2019, har vi i løpet av året opplevd utfordringar med å sikre tilstrekkeleg saksbehandlingskapasitet på personskade. Permisjonar og rekrutteringsprosessar som har trekt ut i tid, har forsterka problemstillinga.

I tråd med ambisjonen SPK har om auka brukarorientering, har det òg vore eit mål å få betre innsikt i kor tilfredse medlemmane er med tenestene og informasjon vår innanfor personskade.

MÅL 1: Yting til rett tid


I 2019 betalte SPK samla sett ut 285 millionar kroner i erstatningar, ein reduksjon på 13 % frå 2018. Utbetalingane fordelte seg med 153 millionar kroner på gruppeliv (53 %),

46 millionar kroner på yrkesskade (16 %) og 79 millionar kroner på erstatningar til Forsvaret (28 %).

Sjå figur: Utvikling i erstatningsutbetalningar

Når det gjeld gruppeliv og yrkesskade, betalte SPKs kundar samtidig inn til saman 215 millionar kroner i premie i 2019. Ein reduksjon på 18 millionar kroner frå 2018, tilsvarande 8,7 %.

Ettersom utbetalte erstatningar i 2019 var på 199 millionar kroner, blei det såleis betalt inn 16 millionar kroner meir i premie på yrkesskade og gruppeliv, enn det blei betalt ut i erstatningar. I 2018 var forholdet motsett. Då var erstatningane 23 millionar høgare enn premieinnbetalingane.



I tråd med utviklinga i utbetalte erstatningar, gjekk talet på innmelde personskadesaker ned med om lag 8 % i 2019. Utviklinga over fleire år viser at talet på nye yrkesskade- og gruppelivssaker held seg relativt stabilt, mens erstatningssaker for Forsvaret viser ein jamn nedgang som følge av at kompensasjonsordninga for veteranar frå internasjonale operasjonar no har vore i kraft i ni år.

Sjå figur: Utvikling i talet på innmelde saker

Aktivitetar

For å sikre tilstrekkeleg kapasitet til å kunne handtere stemningar for Regjeringsadvokaten, i tillegg til den løpande saksbehandlinga på personskade, har hovudaktiviteten i 2019 vore rekruttering. Vidare har vi gjennomført tiltak for å betre fordelinga av saker mellom medarbeidarane.


Resultat

Med ei resultatoppnåing på 99,6 %, innfridde vi målet om å betale ut alle gruppelivssaker innan sju verkedagar. Tilsvarande blei målet om å betale ut 85 % av alle yrkesskadesaker innan fire veker innfridd, der resultatet på 83 % utgjer ei resultatoppnåing 97,6 %.

MÅL 2: Tenester og informasjon tilpassa behova til medlemmane

Avgjerdene vi tar i erstatningssaker skal vere riktige og rettferdige, og saksbehandlinga skal skje utan ugrunna opphald. Ei personskadesak krev som oftast omfattande dokumentasjon og vurdering av medisinske konsekvensar, og tar tid. Det kan derfor vere utfordrande å innfri forventingane den skadelidde har til både behandlingstid og erstatningsnivå.

For å få betre brukarinnsett på personskade, har vi i 2019 starta opp med tilfredsheitsmålingar som svarer til målingane vi utfører på pensjon og lån. For å skaffe oss



ytterlegare innsikt, har vi gjennomført djupneintervju med medlemmar. I tillegg har vi gjennomført konkrete forbetringstiltak når det gjeld kommunikasjon både via kundesenteret og per brev.

Mål 4: Syte for effektiv drift

For å sikre at det blir lagt større vekt på produktivitetsutvikling, blei det i 2019 etablert resultatindikatorar i form av einingskostnader. For produktområde med store volum/mange einingar, som pensjon og lån, ser dette så langt ut til å fungere godt.

For personskade derimot, utgjer produksjonsvolumet i form av mengda forsikringsvedtak, relativt få einingar. Einingskostnaden på personskade, slik han er definert i dag, blir derfor ekstremt var for endringar i både talet på

einingar og kostnadsfordelingar frå for eksempel kunde-betening og IT. SPK treng derfor lenger tid til å evaluere og justere einingskostnaden på personskade før indikatoren kan nyttast i den løpande produktivitetsoppfølginga.

Sett i lys av at talet på stemningssaker vi handterer for Regjeringsadvokaten gjekk opp i 2019, mens talet på personskadesaker gjekk noko ned, er truleg det samla saksvolumet på personskade tilnærma konstant i høve til 2018. Kostnader som kan knytast direkte til handteringa av personskadesaker, som for eksempel personalkostnader, er òg uendra frå 2018. Dette indikerer ein stabil produktivitet på området.

Utgreiing om lån

SPK hadde i 2019 ein auke i lånesøknader på heile 82 %. Trass den enorme søknadsmassen, greidde vi å innfri målet på 14 dagars behandlingstid innan utgangen av året.

Mål- og leveransekrav

SPK skal forvalte låneordninga effektivt og profesjonelt. Med referanse til tabellen i kapittel 3.2, er måla i tildelingsbrevet for 2019 slik:

1. SPK skal betale ut yting til rett tid

- Alle søknader om nye bustadlån og refinansiering skal vere behandla innan 14 dagar

2. SPK skal syte for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemmane

- Medlemmane skal vere like tilfredse som førre år

3. SPK skal syte for effektiv drift

- Einingskostnaden per løpande bustadlån skal vere 645 kroner

Fokus og utfordringar

Marknaden for bustadlån er svært effektiv og prega av høg konkurranse. Små endringar i vilkåra gir derfor raskt endring i etterspurnaden. Gjennom heile 2019 har lånerenta i SPK lagt godt under marknadsrenta, og talet på lånesøknader auka vesentleg jamført med 2018. Produksjonsapparatet i SPK er ikkje dimensjonert for å handtere store endringar i etterspurnaden. Hovudfokuset gjennom året

har derfor vore å setje i verk og følge opp tiltak for å handtere auken av søknader i høve til fastsette mål.

Som følge av at dagens lånesystem bygger på gammal teknologi med ei avgrensa levetid, opplever vi vidare ein aukande driftsrisiko. Erfaringar gjennom året viser at det har blitt vanskelegare å få tilstrekkeleg vedlikehald og støtte frå leverandør, slik at tiltak er nødvendige på både kort og lang sikt.

MÅL 1: Yting til rett tid

Per utgangen av 2019 var låneporteføljen på til saman 45,7 milliardar kroner, ein vekst på 3,0 milliardar frå 2018, som svarer til 7,1 %.

Sjå figur: Utvikling i utlånsvolum og talet på lånekundar

Samtidig ser vi ei relativt stor utvikling i kundemassen. Vi fekk 12,5 % nye lånekundar, samtidig som 12 % av dei eksisterande kundane forlèt oss. Netto tal lånekundar auka derfor berre med 0,5 %. Når lånekundar forlèt oss, kjem det anten av at dei flyttar til ein annan bank, eller at lånet er nedbetalt.


Når det gjeld talet på lånesøknader, var veksten på heile 82 % frå 2018. 93 % av søknadene var knytte til refinansiering.

Sjå figur: Utvikling i lånesøknader


Aktivitetar

Som følge av den store pågangen av lånesøknader, har hovudoppgåva i 2019 vore å auke behandlingsskapiteten slik at vi kan innfri dei fastsette krava til behandlingstid. Ettersom søknadsvolumet kan variere sterkt frå år til år som følge av sterk priskonkurranse, blei det inngått ein

Utvikling i utlånsvolum og talet på lånekundar



Utvikling i lånesøknader



avtale med Lindorff om fleksibel bistand på saksbehandling. I tillegg rekrutterte vi to nye årsverk i låneavdelinga. Når det gjeld auka driftsrisiko på lånesystemet, har vi sett i gang tiltak i form av ein grundig risikoanalyse av systemet, i tillegg til tettare oppfølging av dagens leverandøravtale.

Resultat

Lån til nye bustader blir naturlegvis prioriterte i låneproduksjonen vår, og behandlingstida for nye lån var derfor godt innanfor målet på 14 dagar.

I lys av den store søknadsinngangen var det derimot svært krevjande å innfri målet for behandlingstid på refinansiering. Gjennomsnittleg behandlingstid gjennom året var derfor heile 32 dagar, men tett oppfølging og effektive tiltak tok behandlingstida ned til 11 dagar innan utgangen av året.

Sjå figur: Utvikling i behandlingstid gjennom 2019



MÅL 2: Tenester og informasjon tilpassa behova til medlemmane

Parallelt med veksten i talet på lånesøknader, auka òg behovet for informasjon om bustadlånsordninga i 2019. Som følge av gode sjølvbeteningsløyisingar, kunne heile 93 % av søkarane nytte spk.no til dette.

Den store bruken av spk.no, medverka truleg til at talet på førespurnader til kundesenteret berre auka med 24 %. Dei fleste kontakta oss via chat og e-post. Bruken av chat auka mest, tilsvarande det vi opplever på pensjon.

Generelt er lånekundane våre svært nøgde med oss. Ikkje uventa førte lenger behandlingstid til ein svak nedgang i kundetilfredsheita i 2019, men nivået er framleis svært høgt.

Sjå figur: Utvikling i kundetilfredsheit for lån




MÅL 3: Syte for effektiv drift

Ressursbruken på forvaltning av lån varierer sterkt gjennom levetida til lånet. Størstedelen av ressursbruken kjem til ved etablering, mens den årlege forvaltninga som følger etterpå, er svært lite ressurskrevjande. Den årlege ressursbruken på lån varierer derfor i takt med variasjonen i søknadsinnang.

I 2019 var einingskostnaden (administrasjonskostnaden) per lån 799 kroner, tilsvarande ein KPI-justert auke på 37 % frå 2018. Sett i høve til målsett einingskost for 2019 på 645 kroner, er dette eit avvik på 24 %. Avviket er i hovudsak eit resultat av den uventa konkurranse-situasjonen som førte til ein stor auke i lånesøknader.


Sjå figur: Utvikling i KPI-justert einingskost for bustadlån




Elles er mengda misleghaldne lån framleis låg og utgjorde berre 0,076 % av utlånsporteføljen i 2019, ned frå 0,087 % i 2018.

Sjå figur: Utvikling i misleghaldne lån

Dei gode resultata knytt til utviklinga i behandlingstid og kundetilfredsheit, og framleis lågt misleghald, tilseier at vi har brukt ressursane på lån effektivt i 2019, trass auken i einingskost.



Utgreiing om innsatsfaktorar



Figur; Innsatsfaktorar er første delen i resultatkjeda frå Direktoratet for økonomistyring – ein modell som blir nytta til å illustrere korleis ei verksemd via ulike aktivitetar gjer om innsatsfaktorar til produkt og tenester med sikte på å bidra til ønskje effektar for brukarane og samfunnet.


I dei føregåande delkapitla har vi gjort greie for leveransane våre – kva vi har gjort og kva vi har oppnådd. I dette delkapittelet greier vi ut om innsatsfaktorane som har vore fundamentet for alle leveransane våre.

Menneske og organisasjon

Medarbeidarane våre er ein av dei viktigaste innsatsfaktorane i SPK. Midt i ei tid med reformer, opplever vi ein arbeidsmarknad der det er krevjande å sikre tilstrekkeleg og riktige ressursar. Gjennom målretta og strukturert arbeid har vi likevel henta inn mange dyktige medarbeidarar, slik at ressurs situasjonen vår var tilfredsstillande ved utgangen av året.

SPK har som mål å vere ein attraktiv, spennande og god arbeidsplass. Gjennom medarbeidarar som skapar takhøgde og rom for nye tankar, ønsker vi å legge til rette for eit støttande arbeidsmiljø. Verdiane våre skal vidare medverke til å gi oss det handlingsrommet vi treng for å få brukt kompetansen vår og utvikle oss vidare.

I 2019 hadde vi ein samla arbeidsstyrke på tilnærma 442 årsverk, av desse var 389 avtalte årsverk i fast stilling og 53 innleigde konsulentar.



Fokus og utfordringar

Behovet for rett og nødvendig kompetanse er kritisk for at vi både skal kunne levere god dagleg drift og gjennomføre reformer. I 2019 har vi samtidig opplevd ein svært stram arbeidsmarknad med omsyn til IT- og utviklingsressursar. For å kunne handtere denne driftsrisikoen, har vi derfor jobba gjennom heile året med å sikre ei heilskapleg og balansert ressursstyring, og gode rekrutteringsprosessar.

Kompetansestyring og -utvikling har vidare vore eit prioritert område, i tillegg til løpande medarbeidar- og leiarutvikling.

Aktivitetar

Ettersom ressurstilgangen kan vere ein driftsrisiko, har eit av dei viktigaste tiltaka i 2019 vore å auke bemanninga av IT- og utviklingsressursar, både gjennom faste tilsetjingar og innleigde konsulentar. I tillegg har vi inngått rammeavtalar for å kunne bemanne utviklingsprosjekta. Vidare har vi utarbeidd nye retningslinjer for ressurs- og kompetansestyring, slik at vi både kan sikre nødvendig fleksibilitet mellom utviklings- og linjeoppgåver, og optimal ressursbruk for SPK samla sett.

For å sikre ei jamn og løpande implementering av reformer gjennom fleire mindre og raskt leverte leveransar, utvikla vi i den førre reformperioden (2008-2012) ein eigen måte å organisere utviklingsarbeidet på. Ved å fokusere på brukarorientering og eit enda tettare samarbeid mellom IT og forretning, har vi vidareutvikla denne metodikken i reformprogrammet Pro 25.

Når det gjeld den løpande medarbeidar- og leiarutviklinga vår, var årets tema kompetanse for framtida og inspirerende

leiing. Ved å innføre samhandlingsverktøyet Office 360, har vi vidare lagt til rette for meir samhandling og kompetansedeling, i tillegg til betre informasjonsflyt og dokumenthandtering.

Elles har SPK i løpet av året utarbeidd eit nytt personalreglement i tråd med den nye statstilsettelova, og vi har oppdatert varslingsrutinane våre og etablert ein eigen varslingskanal.

Resultat

I 2019 var det 397 fast tilsette i SPK, 3 fleire enn i 2018. Det svarer til 389 avtalte årsverk¹⁾, og 384 utførte årsverk²⁾ i 2019. Om vi derimot ser på den samla arbeidsstyrken i SPK i

2019, var vi totalt 440, og av desse var 387 fast tilsette og 53 innleigde konsulentar (omrekna til årsverk). Dette er ein auke på til saman 13 frå 2018, av desse er det berre ein fast tilsett.

Auken kjem naturlegvis av reformarbeidet, og sidan oppstarten i 2017 har vi hatt ein auke på 31, av desse er 9 fast tilsette og 22 innleigde konsulentar. Frå 2017 utgjør dette ein vekst i den totale arbeidsstyrken på 7,6 %.

Sjå figur: Utvikling i samla arbeidsstyrke

Blant dei fast tilsette har vi elles ei svært god kjønnsfordeling, med høvesvis 44,6 % menn og 54,4 % kvinner. Blant leiarane samla sett var kvinndelen heile 62 %, mens


det i toppleiinga var 45 % kvinner og 55 % menn. Vidare har 16 % av dei tilsette innvandrabakgrunn.

SPK gjennomfører medarbeidarundersøkingar annakvart år. På ein skala frå 1-5 viste den siste undersøkinga i 2018 ei samla tilfredsheit på 4,04. Det er vi godt nøgde med, og det er ingenting som tyder på at denne tilfredsheita har gått ned i 2019. Ein relativt låg turnover av medarbeidarar på 7,5 % i 2019 støttar oppunder dette.

Sjå figurane a) Utvikling i medarbeidartilfredsheit

b) Utvikling turnover og sjukefråvær



Det legemelde sjukefråværet derimot, viste ei svak negativ utvikling med ein auke på 0,4 % til 3,7 % i 2019. Det er



1) Avtalte årsverk er summen av talet på heiltidsjobbar (arbeidsforhold) og deltidsjobbar omrekna til 100 % stilling.

Definisjonen er frå SSB.

2) Utførte årsverk er definert i PM-2019-13, og rundskriv R115 av 17. des. 2019.



høgare enn målsetjinga vår, og vi held derfor fram med det løpande arbeidet med å få ned sjukefråværet. Mellom anna gir HR-avdelinga tett leiarstøtte og gjennomfører møte i avdelingane med høgt sjukefråvær. Temaet for desse møta er korleis vi kan jobbe for å auke nærværet på jobb.

Informasjonsteknologi – drift og utvikling

Opp mot 70 % av den daglege saksbehandlinga vår skjer automatisert ved hjelp av informasjonsteknologi. Stabile og effektive IT-løysingar er derfor ein føresetnad for at SPK skal kunne sikre kostnadseffektive tenester med høg kvalitet. I 2019 har vi hatt god driftsstabilitet og tilgjengelegheit på IT-tenestene våre, og året har gått utan kritiske hendingar.

Gjennom IT-løysingar som er tilgjengelege, sikre og framtidsretta, er målet vårt å legge til rette for tenesteleveransar med høg grad av automatisering og sjølvbetening. I tillegg til moderne teknologi, legg vi stor vekt på brukarvennlegheit i løysingane våre.

Fokus og utfordringar

IT er ein sentral bidragsytar i arbeidet med å gjennomføre reformer. Som elles i SPK, har derfor reformarbeid stått sentralt i 2019.

Som det går fram ovanfor, har vi blitt ramma av presset i IT-marknaden. Det har derfor vore krevjande å få tak i gode IT-ressursar generelt, og arkitektar og UX-designarar på brukarvennlegheit spesielt. Gjennom eit godt samarbeid med HR, er driftsrisikoen som følger av dette redusert til eit nivå vi kan handtere.

Aktivitetar

Bistand i reformarbeidet på nye samordningsreglar og ny offentleg tenestepensjon, har vore hovudaktiviteten på IT i 2019. Med gjennomgåande vekt på både brukarvennlege, effektive og framtidsretta løysingar, er IT ein sentral deltakar i alle delprosjekt i pensjonsprogrammet.

For å styrke brukarvennlegheita i den nye systemløysinga, har vi i arbeidet med å byte ut brukargrensesnittet i

saksbehandlingssystemet vårt, tatt i bruk nye metodar for å setje brukaren i sentrum. Læring og erfaring med desse metodane blir òg brukt i andre prosjekt og i arbeidet med kontinuerleg forbetring i linja.

Som ein del av den løpande systemforvaltninga, er det i 2019 òg gjort fleire tekniske oppgraderingar for å syte for at vi har sikre, effektive og moderne IT-løysingar. I år kan vi særleg nemne oppgradering av Java og mange Java-baserte rammeverk som eit større løft.

Resultat

Driftsstabiliteten og tilgjengelegheita for IT-tenestene har vore god, og året har gått utan kritiske hendingar. Det har vore nokre mindre hendingar, men ein har handtert desse effektivt og følgd dei opp ved å endre rutinar eller teknisk løysing for å hindre at det same skjer igjen. Forvaltninga av IT-systema har òg gått som normalt.

Elles er bistanden til reformarbeidet på plan, og ressurs-situasjonen under kontroll ved utgangen av året.

Dataforvaltning og -analyse

Også i 2019 held SPK ved lag den gode datakvaliteten sin. Gjennom god planlegging og implementering av tiltak er vi godt rusta til å møte nye reformer.

Kunde-, medlems- og oppteningsdata er den viktigaste «råvara» i SPKs leveransar av tenester og informasjon. God dataforvaltning er derfor ein føresetnad for god kvalitet og effektivitet i den daglege produksjonen vår. I tillegg utgjer desse dataa eit viktig grunnlag i arbeidet vårt med teneste- og leveranseutvikling, og styring og kontroll.

Fokus og utfordringar

Også innan dataforvaltning er 2019 prega av reformer. Pensjonsreformene treffer oss sjølv sagt, men òg kommunereforma og nytt modernisert folkeregister har vore sterke drivarar for arbeidet gjennom året.

Etterleving av personvernregelverket krev elles tett oppfølging og løpande tiltak.

Aktivitetar

Kommunereforma påverka til saman 123 kundar og 40 500 medlemmar. For å kunne sikre desse rett pensjon og rett premie til rett tid, har vi i løpet av året gjennomført fleire aktivitetar for å forbetre og kvalitetssikre datagrunnlaget. I tillegg har vi hatt tett dialog med dei kundane som er påverka av reforma. I lys av nytt modernisert folke-register, har SPK vidare sett i gang eit arbeid for å utvikle ein systemteknisk integrasjon mot det nye registeret.

Når det gjeld ny offentleg tenestepensjon, inneber påslagsordninga eit behov for ei regelmessig berekning av pensjonsbehaldninga. For å sikre nødvendig kvalitet i desse berekningane, har SPK allereie sett i gang innføringa at eit nytt regime for kvalitetssikring og forvaltning av lønns- og stillingsdata. Elles resulterer innføringa av ny offentleg tenestepensjon auka intern etterspurnad etter datadriven innsikt i arbeidet med å utvikle nye kunde- og medlemsløysingar. Vi har derfor utarbeidd langt fleire rapportar og analysar for utviklingsformål enn tidlegare.


Og sist, men ikkje minst: I lys av fokuset vi har på personvern og informasjonstryggleik har vi betra både tilgangsstyringa vår til, og logginga av databruken frå det interne datavarehuset vårt. I denne samanheng har vi òg vore i dialog med mange kundar som har vore usikre på kva dei skal sende av data til SPK.

Resultat


Trass i kommunereforma og nye personvernreglar har vi sikra eit datagrunnlag med god kvalitet og tilfredsstillande personvern, slik at SPK kan levere rett pensjon og premie til rett tid. Vidare er arbeidet med å legge til rette for kommande reformer godt i rute. Det har vi fått til gjennom løpande tiltak og ein tett dialog med kundane.

4

Styring og kontroll



Styring og kontroll



Statens pensjonskasse har god styring og kontroll på verksemda. Også i 2019 nådde vi stort sett alle vesentlege resultatkrav fastsette av fagdepartementet vårt. Det er ikkje identifisert viktige brot på instruksen vår om verksemds- og økonomistyring frå verken intern revisor eller Riksrevisjonen.

Etatsstyring – ekstern styring

Det er god styringsdialog mellom Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) og SPK. Vi har hatt tre ordinære etatsstyringsmøte med gjennomgang av årsrapport og tertialrapportar, i tillegg til fleire sær møte om SPKs reformprogram Pro 25.

Intern styring og kontroll

SPK har etablert ei heilskapleg innretning på verksemdsstyringa, der vi styrer mot både kortsiktige og langsiktige mål. For å vareta heilskapsperspektivet har vi integrert mål- og resultatstyringa med risiko- og tiltaksstyring.

SPKs eksterne økonomirapportering er basert på dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) i tillegg til ordinær rapportering til statsrekneskapen i tråd med

kontaktprinsippet. Den interne økonomistyringa er basert på periodisert rekneskap. Resultata blir følgde opp månadleg mot årlege, periodiserte budsjett, supplerte med kostnadsanalysar på produkt- og kundegrupper.

Risikostyringa i SPK er etablert etter prinsippet om tre forsvarslinjer:

- Første forsvarslinje består av alle områdedirektørar og anna leiing i forretningsområda og utgjør den daglege risikostyringa.
- Andre forsvarslinje består av ein sentral risikostyringsfunksjon med fagansvar og ansvar for overordna risikooppfølging, som er uavhengig av linja.
- Tredje forsvarslinje er internrevisjonen, som rapporterer til administrerende direktør.

Fokus og utfordringar i 2019

Som det går fram av aktivitetane og resultata for året i kapittel 3, har 2019 vore eit år prega av reformer. Samtidig skal SPK syte for god og effektiv dagleg drift.

Innan styring og kontroll har derfor hovudutfordringa for året vore å legge til rette for heilskapleg og balansert styring og kontroll av både dagleg drift og gjennomføring av reformer.

Aktivitetar

Arbeidet med pensjonsreforma går over mange år. For å sikre god styring og kontroll på både kort og lang sikt, har vi i 2019 utarbeidd ein ny strategi for perioden 2019-2023. Strategien utdjupar seks strategiske retningsval for korleis SPK skal innfri måla for god dagleg drift og reformgjennomføring, samtidig som vi skal tilfredsstillе eit aukande informasjonsbehov frå kundar og medlemmar.

Utover i 2019 har strategien blitt konkretisert og tilrettelagd for operasjonalisering ute i organisasjonen og gjort kjend for alle tilsette. På grunn av større utfordringar i samband med styring og kontroll, har vi vidare revidert føringane og retningslinjene våre for risikostyring.

I samsvar med beste praksis har vi etablert eit felles rammeverk og ein risikometodikk for heile verksemda, både for linje- og utviklingsorganisasjonen, og for tryggleik og beredskap. I tillegg er det implementert strengare krav til oppfølging av alle høge risikoar; her skal det setjast i verk og rapporterast om tiltak som reduserer risiko.

For å sikre at dei nye retningslinjene er kjende og blir følgde opp, har leiarar og prosjektleiarar fått ytterlegare opplæring i risikoforståing, bruk av sannsyns- og

konsekvensskala i ei risikomatrise, og nye krav til oppfølging av risiko.

For å sikre tilstrekkelege ressursar og kapasitet, etablerte SPK i 2. halvår 2019 ei eiga eining for tryggleik og beredskap og vi rekrutterte ein ny leiar for seksjonen. Vidare er personvernarbeidet styrkt ved at behandlingsansvaret er delegert ut til den operative førstelinja. SPK har måtta melde nokon få avvik på personvern til Datatilsynet, og organisasjonen arbeider målretta med forbetringar.

Vidare er konsekvensar av den nye tryggleikslova som kom i 2019 gjort greie for i godt samarbeid med ASD og NAV. Ein førebels konklusjon er at den nye lova ikkje inneber nokon vesentlege endringar for SPK.

I løpet av året har vi òg gjennomført ei vellykka beredskapsøving med dataangrep som tema. Øvinga identifiserte enkelte forbetringpunkt som blir følgde opp i tiltaksplanen for 2020. Elles viste den årlege risiko- og sårbarheitsanalysen at tryggleikssituasjonen i SPK er tilfredsstillande.

Når det gjeld intern revisjon, blei det gjennomført tre internrevisjonsprosjekt i 2019. Med utgangspunkt i risikobilde og erfaringar frå reformarbeidet var temaa personvern og informasjonstryggleik, ressurs- og kompetansestyring og livsløpsforvaltning innan IT. I tillegg blei internrevisjonen i SPK vesentleg styrkt på utviklingsområdet, då vi i samsvar med tildelingsbrevet engasjerte ein ekstern kvalitetssikrar som skal følge Pro 25 løpande.

I 2019 har SPK i tillegg arbeidd med å integrere Pro 25 i heile verksemdsstyringa, samtidig som vi har gjort ein stor innsats for å vidareutvikle og forbetre prognose- og analyseunderlag til budsjettarbeidet i departementa og til kundane våre. I tillegg har vi utarbeidd nye retningslinjer på ressursstyring. Når det gjeld arbeidet med ny pris- og kostnadsmodell, er det er ei målsetjing at medlemsverksemdene i SPK skal betale rett pris for tenestene dei tar imot. I 2018 blei internprisane berekna ut ifrå ein ny ABC-basert kostnadsmodell.

For å styrke arbeidet med kostnadsoppfølging ytterlegare,

implementerte vi i 2019 nye produktivitetsindikatorar i form av einingskost per hovudprodukt. Desse følger vi opp i styringsdialogen med ASD.

I tråd med tildelingsbrevet for 2019 var det vidare ein ambisjon å utvikle ein ny prismodell for administrasjonskostnader ut mot verksemdene som skulle innførast frå og med 2020. Denne tilpassinga krev både ein gjennomgang av dei prinsippa som ligg til grunn for prisfastsetjinga, og ein strukturert gjennomgang av dei underliggende dataa/datastrukturane som prisane skal bereknast ut ifrå.

Dette arbeidet er omfattande, og heng nøye saman med aktivitetar i det andre arbeidet med modernisert premiemodell. Tilpassinga av administrasjonspremien blir derfor gjennomført som ein del av dei seinare fasane. Mens vi ventar, vidarefører SPK arbeidet med å legge til rette underlagsdata og andre førebuingar.

Resultat

Som det går fram av «Aktivitetar og resultat for året» i kapittel 3 og «Årsrekneskapen» i kapittel 6, nådde SPK alle vesentlege mål fastsette av ASD i tildelingsbrevet for 2019.

Som det går fram av risikobildet, er det krevjande å halde ved lag ei effektiv drift i ei tid med reformer. Gjennom regelmessige risikoanalysar og tett oppfølging av risiko-reduserande tiltak, har det samla risikobildet for SPK likevel halde seg stabilt gjennom året.

Samtidig med at nye risikoar har komme til, har vi greidd å ta ned fleire risikoar. Vi har for eksempel tatt ned risikoane både med omsyn til ressursituasjonen og ikkje tilfredsstillande medlemsinformasjon. SPK har ingen kritiske risikoar ved slutten av året. SPK fekk ingen merknader frå Riksrevisjonen for 2018. I årsrapporten sin for 2019 konkluderer internrevisoren vidare med at SPK har eit modent og godt regime for internkontroll og at det er på plass planverk, budsjett, styringsdokument og rapporteringar som dekkjer breidda av organisasjonen. Dei opplevde at revisjonsarbeidet blei gjennomført på ein god og effektiv måte, og det blei ikkje avdekt kritiske forhold.

Samla sett opplever SPK at styling og kontroll har fungert godt i 2019. Som følge av løpande endringar internt og eksternt med omsyn til både dagleg drift og reformer, erkjenner vi samtidig at det vil vere krevjande å halde ved lag god styling og kontroll framover. SPK vurderer derfor løpande nødvendige tiltak for å sikre dette.

Frå fellesføringar frå Regjeringa

I tråd med fellesføringa om inkluderingsdugnad i staten, har SPK tilsett to medarbeidarar med hol i CV-en i 2019. Det svarer til 5,4 % av nyttilsetjingane i 2019. Dette er så vidt over Regjeringa si målsetjing på 5 %.

Sjå vedlegget; Vårt bidrag til inkluderingsdugnaden, for ei nærmare utgreiing.

Den andre fellesføringa frå Regjeringa er at offentlege oppdragsgivarar, som kjøper inn varer og tenester, skal ta på seg eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet.

SPK skal derfor sikre at leverandørane våre følger lover og reglar, både når dei tildeler oppdrag og når dei følger opp inngåtte kontraktar. SPK har 42 avtalar som utgjør tenestekjøp over EØS-terskelverdi og som såleis kjem inn under forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

Basert på svara i eigenrapporteringsskjemaa vi har fått inn, har SPK ikkje avdekt noko urovekkande hos leverandørane våre, og vi har ikkje funne noko som tyder på at leverandørane ikkje følger lover og reglar knytte til lønns- og arbeidsvilkår.


Sjå nærmare om dette i vedlegget om «Kamp mot arbeidslivskriminalitet».

5

**Vurdering av
framtidutsikter**



Vurdering av framtidsutsikter



Aldri har det vore meir spennande og lærerikt å jobbe med pensjon. Vi står overfor endringar som representerer både store moglegheiter og store utfordringar.

Vi har eit viktig samfunnsoppdrag. Oppgåva vår er å levere pensjon, forsikring og bustadlån på ein enkel og effektiv måte til éin million medlemmar i offentlig sektor. Ordningane våre er ein viktig del av sparinga til alderspensjon og ei viktig forsikring ved uførleik og for etterlatne.

For dei 1 400 medlemsverksemdene våre er det ein vesentleg utgiftspost, men òg eit viktig verkemiddel for å trekkje til seg kompetente arbeidstakarar.

Pensjonsreforma gir oss både store moglegheiter og store utfordringar

Den viktigaste oppgåva vår framover er å gjennomføre pensjonsreforma som inneber store endringar i hovudyttinga frå SPK: alderspensjon. Dette arbeidet er organisert i eit eige pensjonsprogram, Pro 25. Arbeidet kjem til å gå over mange år, og det skal gjennomførast innan knappe tidsfristar.

Det meste av den tilgjengelege utviklingskapasiteten i SPK må nyttast til programmet, og det kjem til å vere lite rom for andre investeringar i perioden. Vi som organisasjon må derfor bruke Pro 25 til å implementere regelverket i kjernesystema våre, samtidig som vi vidareutviklar tenester og leveransar som svarer til både brukarane og eigardepartementet sine forventningar til framtida.

Endring i brukarbehov

Haldnings- og behovsendringar i samfunnet kjem både av demografisk utvikling og meir digitalisering. Det er òg ei haldningsendring frå kollektivismen mot individualisering, som igjen påverkar korleis befolkninga ser på arbeidsmarknaden, velferdsstaten og pensjonssystemet.

Fleire vil vere aktør i si eiga pensjonsplanlegging. Dette fører til ei auka interesse og eit større behov for lett tilgjengeleg informasjon.

Ny offentlig tenestepensjon gjer pensjonssystemet for offentlig tilsette meir likt systemet i privat sektor. Reforma ser ut til å føre til at andre aktørar ønsker å gå inn på marknaden for offentlig pensjon. Ein kan derfor rekne med at både arbeidstakarar og arbeidsgivarar i større grad enn før kjem til å etterspørje tenester og

leveransar som kan jamførast med løysingane frå andre pensjonsleverandørar.

Tilsvarende forventningar til tenestene og leveransane i framtida ser vi frå eigardepartementet vårt, der Regjeringa har fastsett tre ambisjonar som det blir særskilt viktig for SPK å følge opp:

- Utvikling av digitale tenester der behova til brukarane er i sentrum (jf. digitaliseringsmeldinga)
- Ein digital offentlig sektor (jf. Digitaliseringsstrategien for offentlig sektor 2019-2025)
- Effektiv bruk av offentlege ressursar (jf. blant anna ABE-reforma frå Regjeringa)

Effektiv drift i ei tid med reformer

Reformer og utvikling skjer ikkje i eit vakuum. Pliktene våre i kvardagen blir ikkje borte sjølv om vi er midt i ei reformtid. Ei hovudutfordring dei nærmaste åra blir derfor å syte for den rette balansen mellom utvikling og dagleg drift, slik at vi sikrar effektiv drift i ei tid med reformer.

Vi har store ambisjonar

SPK har utan tvil eit svært godt grunnlag for å møte dei utfordringar vi står framfor. Og utfordringane er mange. Vi

skal realisere ein ny offentlig tenestepensjon innanfor knappe tidsfristar. Det vil seie fleire variantar av pensjonsproduktet og overgangsreglar, og meir kompleksitet både for oss og for brukarane våre.

Resultatført levealdersjustering og pensjonsregulering	0	0
Netto pensjonskostnad før arbeidsgivaravgift	-9 853 127	37 106 496
Berekna arbeidsgivaravgift	-1 389 291	5 232 016
Netto pensjonskostnad inkl. arbeidsgivaravgift *	-11 242 417	42 338 512
Av dette: aga. av resultatført estimatavvik	59 393	105 578

Samansetjing av netto pensjonsforplikting:	2019	2018
Brutto pensjonsforplikting	512 997 188	560 182 767
Pensjonsmidlar (fiktivt fond)	405 725 497	382 166 624
Ikkje-resultatført estimatavvik	-29 150 947	-54 150 501
Netto pensjonsforplikting før arbeidsgivaravgift	78 120 743	123 865 642
Arbeidsgivaravgift	11 015 025	17 465 056
Netto pensjonsforplikting inkludert arbeidsgivaravgift	89 135 768	141 330 698

1) Norsk regnskapsstiftelse har publisert ei ny rettleiing om rekneskapsføring av endringar av alderspensjons- og samordningsreglane for den noverande offentlege tenestepensjonsordninga. Som følge av vedtatte endringar for alle årskull, kjem det nye regelverket til å utgjere ei planendring som blir innrekna i 2019. Planendringa er eit resultat av fleire hendingar som blir berekna samtidig, og effektane kjem an på samansetjinga av medlemsbestanden med omsyn til alder, lønn og stillingsprosent. Berekningane er utførte av SPK.

Kva for hendingar og regelverk som gjeld, kjem an på fødselskulla i bestanden

- Endringane av samordningsreglar (kull fødte frå og med 1954)
- Omrekning av opptening fram til 2020 til oppsett alderspensjon (kull fødte frå og med 1963)
- Garantireglar og overgangstillegg (kull fødte i tidsrommet 1959-1967)
- Ny opptening i påslagsmodellen og vilkårsbunden tenestepensjon frå 2020 (kull fødte frå og med 1963)

Note 3 | Immaterielle egedelar

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle egedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.2019	1 311 091 048	49 786 225	1 360 877 273
Tilgang i 2019	96 523 252	112 982 873	209 506 124
Avgang anskaffingskost i 2019 (-)	-3 073 968	-94 736 735	-97 810 703
Anskaffingskost 31.12.2019	1 404 540 331	68 032 363	1 472 572 694
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2019	949 226 998	-	949 226 998
Ordinære avskrivningar i 2019	124 684 255	-	124 684 255
Ekstraordinær nedskrivning 2019 ¹⁾	298 500	-	298 500
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2019 (-)	-3 073 968	-	-3 073 968
Balanseført verdi 31.12.2019	333 404 546	68 032 363	401 436 909
Avskrivningssatsar (levetider)	5-10 år / lineært	5-10 år / lineært	

Balanseført verdi av eigenutvikla pensjonssystem Puma utgjør 299 millionar kroner, og Medlems- og arbeids-givarportal utgjør 19 millionar kroner per 31.12.2019.

Immaterielle egedelar under utføring er primært knytt til pensjonsprogrammet Pro 25 (modernisert premiesystem, nytt samordningsregelverk og ny brukarflate i pensjonssystemet), og utgjør 68 millionar kroner per 31.12.2019.

1) Ekstraordinær nedskrivning av eldre, utdatert brannmur

Note 4 | Varige driftsmidler

	IT-utstyr	Inventar	Sum
Anskaffingskost 01.01.2019	25 141 026	11 957 006	37 098 032
Tilgang i 2019	7 046 830	265 560	7 312 390
Avgang anskaffingskost i 2019 (-) ¹⁾	-5 399 761	-	-5 399 761
Anskaffingskost 31.12.2019	26 788 095	12 222 566	39 010 661
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2019	14 126 035	3 436 567	17 562 602
Ordinære avskrivningar i 2019	4 649 990	1 254 956	5 904 946
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2019 (-) ¹⁾	-5 399 761	-	-5 399 761
Balanseført verdi 31.12.2019	13 411 832	7 531 042	20 942 874
Avskrivningssatsar (levetider)	3-5 år lineært	5-10 år lineært	

1) Gjeld kassasjon av it-maskinvare (serverar og datamaskiner).

Note 5 | Andre driftskostnader

	31.12.2019	31.12.2018
Kjøp av tenester frå eksterne ¹⁾	153 309 067	126 262 941
Kjøp av tenester frå eksterne – balanseført ¹⁾	-62 392 133	-35 965 189
Annan driftskostnad – balanseført ²⁾	-435 540	-654 261
Innleige av vikarar ³⁾	8 122 193	3 424 300
Drift og vedlikehald av programvare, inventar o.l. ⁴⁾	32 181 908	23 723 844
Drift og vedlikehald av lokale ⁶⁾	6 299 685	6 132 501
Husleige ⁶⁾	31 403 000	30 903 988
Kurs og konferansar ⁵⁾	5 682 120	6 701 809
Telefoni og datakommunikasjon	2 981 559	2 901 549
Porto	1 708 456	1 738 280
Reiser og diett	1 938 188	1 949 861
Mindre utstyrsanskaffingar	555 657	1 183 155
Leige av maskiner, inventar og liknande	548 555	279 643
Kontorkostnader	3 390 996	3 315 394
Sum andre driftskostnader	185 293 712	171 897 813

Oversikt over årlege leigebeløp i tråd med operasjonelle leigeavtalar*	Varer i mellom eitt og fem år	Varer i over fem år	Sum
Husleigeavtalar		31 074 968	31 074 968
Felleskostnader til gardeigar		3 642 097	3 642 097
Andre leigeavtalar (vedlikehaldsavtalar IT/programvare)	14 793 465		14 793 465
Sum leigeavtalar	14 793 465	34 717 065	49 510 530

* Berre vesentlege leigeavtalar er spesifiserte.

- 1) Kjøp av tenester frå eksterne står for 49 prosent av andre driftskostnader, som er om lag på linje med 2018 (sjå òg forklaring under pkt. 4). Brutto har kostnadene auka 21 %, som følge av den pågåande utviklinga av IKT-system for nytt pensjonsregelverk. Heile auken er balanseført.
- 2) Balanseføring av annan driftskostnad gjeld direkte kostnader til utvikling av sentrale saksbehandlingsløysingar.
- 3) Innleige av vikarar har auka med 137 % samanlikna med 2018, hovudsakleg for å handtere den sterke volumveksten i bustadlansordninga.
- 4) Drift og vedlikehald av programvare har auka med 36 prosent frå 2018, som følge av større behov for lisensar for fleire system. Delar av auken kjem av at forvaltning/vedlikehald av premie-/reserveberekningssystemet F2100 delvis blei klassifisert som ekstern teneste i 2018.
- 5) Kurs og konferansar er redusert med 15 prosent, som følge av innsparingar og mindre bruk av eksterne ressursar til kompetanseutvikling av eigne tilsette.
- 6) Justeringar i kontoplan og kontobruk mellom 2018 og 2019 gir enkelte klassifiseringsavvik mellom kontogruppene. 2018 er ikkje fullt ut reklassifisert då avviket ikkje blir rekna som vesentleg sett i høve til arbeidsmengd og tap av sporbarheit i samband med full reklassifisering.

Note 6 | Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2019	31.12.2018
Finansinntekter		
Renteinntekt (mellomvære med statskassa)	2 323 013	1 265 102
Valutavinst (agio)	11 488	9 395
Anna finansinntekt	3 951	6 100
Sum finansinntekter	2 338 452	1 280 597
Finanskostnader		
Renter av statens kapital	184 264	1 189 169
Valutatap (disagio)	8 041	30 848
Annan finanskostnad	3 508	6 723
Sum finanskostnader	195 813	1 226 740

Mellomværet med statskassa fungerer som «kasserekreditte» til verksemda.

Statens pensjonskasse finansierer delar av investeringane i driftsmiddel med lån frå statskassa. Lånet blir omtalt som «Statens renteberande kapital» og er klassifisert under «Statens kapital» i balansen. Rentesatsen blir fastsett av Finansdepartementet med utgangspunkt i renta på 5-års statsobligasjonslån. Rentesatsen for lån i 2019 var 1,15 prosent.

Finansinntektene for 2019 auka som følge av høgare rentenivå jamført med 2018. Finanskostnadene blei reduserte jamført med 2018 som følge av at lån frå staten blei innfridde i 2019.

Note 7 | Verksemdskapital

	2019	2018
Verksemdskapital per 01.01.	499 665 992	411 597 359
Nedbetinging på statens renteberande kapital utover rest lånesaldo ¹⁾	-19 004 330	-
Årets avsetjing til eigenfinansierte investeringar	55 645 000	75 000 000
Trekk frå (-) / avsetjing til verksemdskapital	-2 617 271	-10 718 253
Til/frå reguleringsfond	8 486 934	23 786 886
Verksemdskapital per. 31.12.	542 176 325	499 665 992

- 1) Ifølge budsjettrettteilinga for staten skal avskrivningar på driftsmiddel nyttast som nedbetaling på statens renteberande kapital (lånfinansierte investeringar). Avskrivningane i 2019 er høgare enn restsaldoen på statens renteberande kapital. Etter avklaring med DFØ (Direktoratet for forvaltning og økonomistyring) er det over-skytande beløpet på 19 004 330 kroner knytt til avskrivningar på investeringar som er eigenfinansierte ført mot verksemdskapitalen i 2019.

Note 7A | Samheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemdar)

A) Avrekna med statskassa	31.12.2019	31.12.2018	Endring
Immaterielle eigedelar, varige driftsmiddel og finansiering av desse			
Immaterielle eigedelar	401 436 909	411 650 274	-10 213 365
Varige driftsmiddel	20 942 874	19 535 430	1 407 444
Staten sin finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel	-	-	-
Sum	422 379 783	431 185 704	-8 805 921
Finansielle anleggsmidlar			
Renteberande utlån	45 703 422 462	42 683 985 908	3 019 436 554
Investeringar i aksjar og partar	-	-	-
Obligasjonar	-	-	-
Andre fordringar	-	-	-
Sum	45 703 422 462	42 683 985 908	3 019 436 554
Omløpsmiddel/-midlar			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	-	-	-
Kundefordringar	5 219 671	5 851 635	-631 964
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	-	-	-
Andre fordringar	8 567 521	7 609 063	958 457
Bankinnskott, kontantar og liknande	-	-	-
Sum	13 787 192	13 460 699	326 493
Statens kapital			
Opptent verksemdskapital	-368 824 265	-334 800 865	-34 023 399
Reguleringsfond	-173 352 060	-164 865 126	-8 486 934
Lånemellomvære med staten	-45 703 422 462	-42 683 985 908	-3 019 436 554
Statens renteberande kapital	0	-45 446 591	45 446 591
Sum	-46 245 598 787	-43 229 098 491	-3 016 500 296
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
Avsetjingar til langsiktige forpliktingar	-	-	-
Anna langsiktig gjeld	-	-	-
Sum	-	-	-
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-16 527 451	-14 838 739	-1 688 712
Skyldig skattetrekk	-11 256 264	-10 830 506	-425 758
Skyldige offentlege avgifter	-6 828 103	-6 342 166	-485 937
Avsette feriepengar	-26 709 676	-25 256 944	-1 452 732
Mottatt forskotsbetaling	-	-	-
Anna kortsiktig gjeld	-20 949 936	-20 551 993	-397 943
Sum	-82 271 430	-77 820 348	-4 451 082
Avrekna med statskassa*	-188 280 780	-178 286 528	-9 994 252

Finansieringa av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel går som hovudregel fram av rekneskapslinja *staten sin finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel*.
Finansieringa av nettosummen av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld går som hovudregel fram av rekneskapslinja *avrekna med statskassa*.

Avstemming av endring i avrekna med statskassa (kongruensavvik)

Konsernkonto, utbetaling	-554 588 790
Konsernkonto, innbetaling	682 932 841
Netto trekk konsernkonto	128 344 050
- innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar	-
+ utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar	-
+ inntektsført frå løyving (underkonto 1991 og 1992)	-
- gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)	-38 622 626
+ nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	-
- endring i statens kapital	-45 446 591
- Tilbakeførte utsette inntekter ved avgang anleggsmiddel, der avsetjinga ikkje er resultatført (underkonto 1996)	-
Korrigerig av avsetjing for feriepengar (tilsette som går over i anna statleg stilling)	-
Andre avstemmingspostar (skal spesifiserast)	-
+ endring i opptent verksemdskapital og reguleringsfond	42 510 333
+ korrigerig av avvik i avrekna med statskassa frå tidlegare år	-
+ endring i langsiktige forpliktingar	-
+ endring avsett aga. for endring av pensjonskostnader	-
+ renter av mellomvære med statskassa (underkonto 1977 kap. 5603.81)	2 323 013
- renter av statens kapital (underkonto 1976 kap. 5603.80)	-184 264
Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto	88 923 916
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning med statskassa	-78 929 663
Sum endring i avrekna med statskassa *	9 994 252

* Sum endring i avrekna med statskassa skal stemme med sum i endringskolonnen ovanfor.
Avrekna med statskassa i oppstilling gjeld kapittel 2470.

Note 7B | Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa	31.12.2019 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2019 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Forskjell
Immaterielle egedelar, varige driftsmiddel og finansiering av desse			
Immaterielle egedelar	401 436 909	-	401 436 909
Varige driftsmiddel	20 942 874	-	20 942 874
Staten sin finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel	-	-	-
Sum	422 379 783	-	422 379 783
Finansielle anleggsmidler			
Renteberande utlån	45 703 422 462	-	45 703 422 462
Investeringar i aksjar og partar	-	-	-
Obligasjonar	-	-	-
Andre fordringar	-	-	-
Sum	45 703 422 462	-	45 703 422 462
Omløpsmiddel/-midlar			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	-	-	-
Kundefordringar	5 219 671	-	5 219 671
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	-	-	-
Andre fordringar	8 567 521	-973 171	9 540 692
Bankinnskot, kontantar og liknande	-	-	-
Sum	13 787 192	-973 171	14 760 363
Staten sin kapital			
Opptent verksemdskapital	-368 824 265	-	-368 824 265
Reguleringsfond	-173 352 060	-173 352 060	-
Lånemellomvære med staten	-45 703 422 462	-	-45 703 422 462
Staten sin renteberande kapital	-	-	-
Sum	-46 245 598 787	-173 352 060	-46 072 246 727
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
Avsetjingar langsiktige forpliktingar	-	-	-
Anna langsiktig gjeld	-	-	-
Sum	-	-	-
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-16 527 451	-	-16 527 451
Skyldig skattetrekk	-11 256 264	-11 256 264	-
Skyldige offentlege avgifter	-6 828 103	-2 699 285	-4 128 819
Avsette feriepengar	-26 709 676	-	-26 709 676
Mottatt forskotsbetaling	-	-	-
Anna kortsiktig gjeld	-20 949 936	-	-20 949 936
Sum	-82 271 430	-13 955 549	-68 315 881
Sum	-188 280 780	-188 280 780	-

Mellomvære med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapporterte til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av verksemda sine netto omløpsmidlar.

Netto omløpsmidlar består av kortsiktige egedelar som behaldningar og kundefordringar, reduserte for kortsiktig gjeld som leverandørgjeld og skyldige skattar og avgifter. Dersom verksemda har finansielle anleggsmidler eller langsiktige forpliktingar, inngår desse i berekninga av avrekna med statskassa.

Note 7B framh. | Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa (bruttobudsjetterte verksemdar)

For gjennomstrøymingspostane er samanhengen mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa slik (rekneskapsførar 715510):

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomvære med statskassa	31.12.2019 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2019 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Renteberande utlån	45 906 318 669		45 906 318 669
Investeringar i aksjar og partar	-		-
Obligasjonar	-		-
Sum	45 906 318 669	-	45 906 318 669
Omløpsmiddel/-midlar			
Kundefordringar	2 219 436 448		2 219 436 448
Andre fordringar	-1 527 685	-1 540 557	12 872
Bankinnskott, kontantar og liknande	38 692 831		38 692 831
Sum	2 256 601 594	-1 540 557	2 258 142 151
Staten kapital			
Fondsmidler	-244 900 000		-244 900 000
Lånemellomvære med staten	-45 700 111 500		-45 700 111 500
Sum	-45 945 011 500	-	-45 945 011 500
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			-
Sum	-	-	-
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 770 683		-1 770 683
Skyldig skattetrekk	-90 701	-90 701	-
Skyldige offentlege avgifter	-		-
Anna kortsiktig gjeld	433 861	181 989	251 871
Mellomvære NAV	-7 095 417	-7 172 648	77 231
Sum	-8 522 940	-7 081 359	-1 441 581
Sum	2 209 385 823	-8 621 916	2 218 007 739

Note 8 | Bustadlånsordninga i SPK

SPK administrerer bustadslåningsordninga til staten for tilsette (HTA § 5.1) og låneordninga for tilsette i NSB-systemet eller tidlegare Jernbaneverket. Dei fleste av medlemmane i SPK kan søke om bustadlån i SPK. Resultatrekneskapen viser innbetalte og opptente renter i 2019 på i alt 951 millionar kroner, jamført med 977 millionar kroner i 2018. Det er i tillegg betalt inn 31,5 millionar kroner i gebyr frå lånekundane i 2019, mens det i 2018 blei betalt inn 23,8 millionar kroner.

Netto tap på utlån viser i 2019 ei utgiftsføring på 22 000 kroner, mens det i 2018 blei utgiftsført 430 000 kroner. Det er i 2019 utgiftsført 36,3 millionar kroner for administrasjon av bustadlånsordninga, mens det i 2018 blei utgiftsført 29,1 millionar kroner.

Ved utgangen av 2019 utgjorde samla utlån 45,7 milliardar kroner, jamført med 42,7 milliardar kroner ved utgangen av 2018. Auken i utlån følger av at lånevilkåra i SPK er blitt gunstigare jamført med resten av marknaden.

Sidan SPK administrerer bustadlånsordninga på vegner av staten, blir lånemellomvære med staten, tilsvarande samla utlån, vist som gjeld i balansen. Utlån og lånemellomvære med staten er basert på tal frå kontantrekneskapen.

Bustadlånsordninga i SPK	2019	2018
Inntekter		
Renteinntekter frå lån	950 546 805	976 749 867
Andre inntekter	1 478	119 515
Gebyr frå lån	31 484 284	23 764 482
Sum inntekter bustadlånsordninga	982 032 567	1 000 633 864
Utgifter		
Tap på utlån	21 603	429 931
Administrasjonskostnader	36 308 644	29 079 501
Sum utgifter bustadlånsordninga	36 330 247	29 509 432
Resultat bustadlånsordninga i SPK	945 702 320	971 124 432

Note 9 | Premieinnbetalingar og andre inntekter knytte til pensjon**Premieinnbetalingar**

Samla innbetalingar for pensjonspremie og yrkesskade- og gruppelivspremie utgjør 24 milliardar kroner for 2019. Til jamføring utgjorde premieinnbetalingane 22,8 milliardar kroner i 2018. Auken på 1,2 milliardar kroner kjem av lønns- og bestandsvekst.

Pensjonspremien blir fakturert med seks terminar årleg. For dei fleste kundane forfell den siste terminen for 2019 til betaling i 2020. Siste fakturerte premiertermin for 2018 er tilsvarande betalt inn i 2019. Yrkesskade- og gruppelivspremiane blir fakturerte og betalte inn årleg.

	2019	2018
Pensjonspremie inkl. AFP-premie og medlemsinnskot	23 772 600 898	22 580 149 132
Yrkesskadepremie	117 832 916	122 881 220
Gruppelivspremie	97 472 402	109 745 869
Sum premieinntekter	23 987 906 216	22 812 776 221

Andre inntekter

For verksemdar som melder seg ut av Statens pensjonskasse, blir det rekna ut eit sluttoppgjer som viser over- eller underfinansieringa til kunden på utmeldingstidspunktet.

Samferdslereforma har ført til at fleire verksemdar har meldt seg ut av SPK. I 2019 er det betalt inn netto 1,5 milliardar kroner i sluttoppgjer frå utmelde kundar innanfor samferdsle-sektoren. I 2018 utgjorde netto innbetalte sluttoppgjer frå utmelde kundar 2,4 millionar kroner.

Forseinkingsrenter, purregebyr med meir utgjorde 1,5 millionar kroner i 2019, mens det i 2018 var 2 millionar kroner.

	2019	2018
Innbetalt sluttoppgjer utmelde kundar	1 538 759 048	2 351 315
Forseinkingsrenter, purregebyr m.m.	1 540 726	2 016 968
Sum andre inntekter	1 540 299 774	4 368 283

Note 10 | Pensjons- og forsikringsutbetalinger

Pensjonar

Utbetalte pensjonar utgjør 28,8 milliardar kroner i 2019, jamført med 27,6 milliardar kroner i 2018. Auker skjer primært som følge av ein auke i grunnbeløpet i folketrygda og ein auke i talet på pensjonistar. Utbetalingane inkluderer pensjonar som er betalte ut for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmar, som er blant ordningane SPK administrerer.

I tråd med overføringsavtalen tar SPK imot refusjon av pensjonar som er betalte ut på vegner av andre pensjonsleverandørar. I 2019 utgjorde desse refusjonane 637 millionar kroner.

Det er i 2019 skrive av 23 millionar kroner i samband med for mykje utbetalt pensjon, fordelt på 5 050 pensjonssaker. Tilsvarande utgjorde avskrivningar av for mykje utbetalt pensjon 37 millionar kroner i 2018. Renter ved for seint utbetalte refusjonspensjonar utgjorde 2 millionar kroner i 2019 jamført med 0,5 millionar kroner i 2018.

Avskrivningar i samband med for mykje utbetalt pensjon kjem mellom anna av at det blir oppdaga feil som pensjonisten ikkje kan haldast ansvarleg for, at krava ikkje er over eitt rettsgebyr, som er grensa SPK har sett for å følge opp kravet, og forelding. Forelding blir vurdert ut ifrå det tidspunktet feilutbetalinga skjedde, og ikkje frå det tidspunktet SPK oppdaga feilutbetalinga. Er heile eller delar av kravet forelda jf. foreldingslova, er praksisen i SPK at ein nyttar retten til motrekning i framtidige ytingar, jf. foreldingslova § 26 bokstav b, før ein gir avkall på beløpet.

Personskade- og gruppelivserstatningar

Utbetalte yrkesskadeerstatningar utgjør netto 48,7 millionar kroner i 2019, jamført med 76,5 millionar kroner i 2018. Beløpet inkluderer refusjon til folketrygda på 120 prosent av førre års utbetalingar av erstatningar i tråd med lov om yrkesskedeforsikring. Dette utgjorde 23 millionar kroner i 2019.

Utbetalte yrkesskadeerstatningar varierer frå år til år avhengig av blant anna når skaden blir meld til SPK, behandlingsbehovet og alderen til den skadelidde, skadeomfang og endringar i rettstilstanden.

Utbetalte gruppelivserstatningar utgjør 153 millionar kroner i 2019, jamført med 180 millionar kroner i 2018. Utbetalte erstatningar i eit enkeltår er avhengig både av saksmengda (innmelde dødsfall som gir rett til erstatningsutbetaling) og av erstatningsbeløpet i dei enkelte sakene. Erstatningsbeløpet avheng blant anna av kor mange barn under 25 år ein har.

Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har gitt SPK fullmakt til å behandle og betale ut erstatningar på vegner av dei. Dette gjeld erstatningar knytte til skadetilfelle i utanlandsoppdrag, eingongserstatningar knytte til dødsfall og invaliditet ved avtening av verneplikta, og utbetalingar i samband med bilskadeordninga i staten. Samla er det betalt ut 68,4 millionar kroner knytt til desse belastningsfullmaktene i 2019. Tilsvarande beløp for 2018 utgjorde 54,5 millionar kroner.

Andre utgifter

Det er i 2019 utgiftsført 564 millionar kroner for kjøp av tenester i samband med administrasjon av forsikringsordningane, jamført med 576 millionar kroner i 2018.

I 2019 betalte SPK ut 0,5 millionar kroner i vartpengar og arbeidsgivaravgift, jamført med 2,5 millionar kroner i 2018. Vartpengar er ei økonomisk støtteordning for tilsette som blir overtalige og sagde opp frå ikkje-statlege verksemder med medlemskap i Statens pensjonskasse. Vartpengeordninga i SPK blir fasa ut med verknad frå 1. mars 2016. For verksemder som ikkje tidlegare har søkt om og blitt fritatt frå vartpengeordninga, betyr dette at tilsette som blir sagde opp etter denne datoen, ikkje lenger har krav på vartpengar. Dei som allereie får vartpengar, vil halde fram med å få vartpengar som før.

Rekneskapen er i 2019 belasta med 24 millionar kroner i berekna arbeidsgivaravgift til folketrygda av berekna arbeidsgivardel og medlemsdel for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivardel og medlemsdel direkte til Statens pensjonskasse. Beløpet utgjør ei teknisk berekning av arbeidsgivaravgifta. Til jamføring viser tilsvarande tal for 2018 òg ei berekna arbeidsgivaravgift på 24 millionar kroner.



Note 10 framh. | Pensjons- og forsikringsutbetalinger

	2019	2018
Utgifter		
Alderspensjonar	16 078 747 769	15 238 410 697
Særalderspensjon	2 845 403 224	2 663 666 305
Uførepensjon	2 304 621 192	2 325 708 414
Ektefellepensjon	3 845 460 296	3 719 677 719
Barnpensjon	118 253 595	118 735 797
Avtalefesta pensjon (AFP)	3 604 027 955	3 485 729 716
Sum utbetalte pensjonar inkl. renter ved for sein utbetaling	28 796 514 031	27 551 928 648
Mottatt refusjon utbetalte pensjonar for andre ordningar (-)	-637 396 587	-614 404 515
Avskrivning av utbetalte pensjonar	22 668 744	37 457 490
Renter ved for seint utbetalte refusjonspensjonar	2 018 178	473 124
Utbetalte yrkesskadeerstatningar (inkl. avgift NAV og div. honorar)	52 897 484	78 772 800
Mottatt refusjon frå arbeidsgivar for utbetalte yrkesskadeerstatningar (-)	-4 197 469	-2 273 238
Utbetalte gruppelivserstatningar	152 954 151	180 224 131
Utbetalte personskadeerstatningar på vegner av Forsvaret og Justis-departementet (inkl. div. honorar)	68 402 520	54 491 283
Sum utbetalte forsikringserstatningar	28 453 861 052	27 286 669 723
Administrasjonskostnader	564 465 266	575 730 555
Utbetalte vartpengar og arbeidsgivaravgift	501 679	5 974 613
Refusjon av vartpengar frå arbeidsgivar (-)	-	-3 505 947
Berekna arbeidsgivaravgift til folketrygda	24 000 000	24 000 000
Sum andre utgifter	588 966 945	602 199 221

Note 10 framh. | Statistikk til pensjons- og forsikringsutbetalinger

Ordning		Pensjonar etter lov om SPK			Storting og regjering	Andre ordninger	Totalt	POA	Totalt inkl. POA 2019
		Stat	Kommune/ fylkeskommune	Andre					
AFP	Menn	518 694	642 662	334 330	–	1 233	1 496 919	7 060	1 503 978
	Kvinner	659 720	1 160 130	285 811	–	1 448	2 107 109	69 368	2 176 477
	Totalt	1 178 414	1 802 792	620 140	–	2 682	3 604 028	76 427	3 680 455
Alderspensjon	Menn	4 957 339	2 368 796	1 356 286	33 003	17 338	8 732 763	29 056	8 761 819
	Kvinner	3 278 339	3 081 301	929 743	23 535	33 067	7 345 985	154 138	7 500 123
	Totalt	8 235 678	5 450 096	2 286 030	56 539	50 405	16 078 748	183 194	16 261 942
Barnepensjon	Menn	30 744	16 370	12 080	281	141	59 616	759	60 376
	Kvinner	28 996	16 671	12 900		70	58 637	599	59 236
	Totalt	59 740	33 041	24 980	281	211	118 254	1 358	119 612
Ektefellepensjon	Menn	170 875	151 821	41 384	1 234	130	365 443	8 622	374 065
	Kvinner	2 530 588	669 763	258 579	14 290	6 797	3 480 018	10 091	3 490 108
	Totalt	2 701 463	821 583	299 963	15 524	6 927	3 845 460	18 713	3 864 173
Særalderspensjon	Menn	1 915 283	61 013	430 626	7 346	12 701	2 426 971	127	2 427 098
	Kvinner	226 089	58 794	118 178	1 734	13 638	418 433	1 348	419 780
	Totalt	2 141 372	119 808	548 804	9 080	26 339	2 845 403	1 475	2 846 878
Uførepensjon	Menn	259 582	182 780	190 344	417	344	633 467	3 265	636 732
	Kvinner	627 126	733 907	308 501	192	1 429	1 671 154	57 964	1 729 118
	Totalt	886 708	916 687	498 845	609	1 773	2 304 621	61 229	2 365 850
Sum utbetalte pensjonar	Menn	7 852 517	3 423 442	2 365 051	42 282	31 887	13 715 178	48 889	13 764 067
	Kvinner	7 350 857	5 720 565	1 913 712	39 751	56 450	15 081 335	293 508	15 374 843
	Totalt	15 203 375	9 144 007	4 278 763	82 033	88 337	28 796 514	342 397	29 138 910
Pensjonspremie		12 512 518	6 941 862	4 208 043		110 178	23 772 601	767 634	24 540 235
Premiereserve		425 218 999	78 751 420	56 643 183	551 814	1 214 190	562 379 606	8 088 467	570 468 073

Note 11 | Kundefordringar

	31.12.2019	31.12.2018
Andre kundefordringar ¹⁾	2 873 913	3 737 254
Fordringar mot NAV (sjukepengar og andre refusjonar) ²⁾	1 163 588	1 255 981
Fordringar mot forsikringsordningane ³⁾	1 182 170	858 400
Sum kundefordringar	5 219 671	5 851 635

- 1) Gjeld i hovudsak fakturering av kurs. I tillegg gjeld fordringane fakturering for pensjonsberekningar for kundar, administrasjon av Stortingets pensjonsordning og fakturering for manglande rapportering av pensjonsgrunnlag.
- 2) Påkomne fordringar mot NAV er overvurderte med 350 000 kroner, som følge av systemmessig for høgt berekna refusjonar. Det er gjort ei avsetjing for dette i resultatet og under kortsiktig gjeld.
- 3) Gjeld fakturering av stykkprisar frå SPK forvaltning til SPK forsikring.

Det er ikkje venta vesentlege tap på fordringar ved utgangen av året.

Note 12 | Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2019	31.12.2018
Personallån og andre fordringar på tilsette	91 140	100 781
Fordringar mot NAV ¹⁾	30 232	-
Feil innbetalingar frå kundar	-	-4 248
Forskotsbetalte kostnader ²⁾	8 446 149	7 512 530
Sum andre kortsiktige fordringar	8 567 521	7 609 063

- 1) Til gode sjukepengar, foreldrepermisjon med meir
- 2) Gjeld i hovudsak programvarelisensar.

Note 13 | Leverandørgjeld

	31.12.2019	31.12.2018
Leverandørgjeld til forsikringsordningane ¹⁾	5 981 962	5 278 139
Anna leverandørgjeld ²⁾	10 545 489	9 560 600
Sum leverandørgjeld	16 527 451	14 838 739


- 1) Gjeld pensjonspremie for 6. termin 2019 som blir betalt frå SPK forvaltning til SPK forsikring.
- 2) Gjeld i hovudsak leverandørgjeld i samband med betalingsformidling frå NAV, hjelp til låneadministrasjon frå Lindorff, konsulent- og lisenskostnader.

Note 14 | Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2019	31.12.2018
Skyldige feriedagar og fleksitid (inkludert arbeidsgivaravgift) ¹⁾	8 479 456	8 095 873
Påkomne kostnader ²⁾	12 470 480	12 456 120
Sum anna kortsiktig gjeld	20 949 936	20 551 993

- 1) Balanseføring av feriedagar og fleksitid som dei tilsette har til gode på verksemda, utgjer til saman 8 479 456 kroner (inkludert arbeidsgivaravgift) ved utgangen av 2019.
- 2) Gjeld i hovudsak påkomne kostnader som betalingsformidling frå NAV, konsulent- og lisenskostnader.

Årsrekneskap for Jernbanens pensjonskassefond



Jernbanens pensjonskassefond yter lån til tilsette i NSB BA og tidlegare Jernbaneverket, i tillegg til dotterselskapa til desse verksemdene, som har eller har hatt medlemskap i Statens pensjonskasse.

Fondet har ein fast kapital på 48,7 millionar kroner. Renteinntekter med administrasjonskostnader trekte frå blir tilførte statskassa. Kapitalen er eigd av Statens pensjonskasse.

SPK yter lån til kjøp av bustad, påbygging/ombygging av bustad, skifteoppgjær og refinansiering av lån med tryggleik i den bustaden det blir søkt om å låne på.

Låneordninga blir forvalta av eit styre. Administrasjonen og forretningsførselen av låneverksemda er lagde til Statens pensjonskasse.

I 2019 blei samla utlån redusert med 4,7 millionar kroner. Av den samla kapitalen på 48,7 millionar kroner var 10 millionar kroner lånte ut ved utgangen av 2019.

Renteinntekter med administrasjonskostnader trekte frå blir tilførte statskassa og utgjer 0,5 millionar kroner i 2019.

Årsrekneskapen for Jernbanens pensjonskassefond er avlagd i tråd med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement, og gir etter mi vurdering eit rettviseande bilde av den økonomiske statusen til fondet.

Jernbanens pensjonskassefond blir revidert som statleg fond av Riksrevisjonen.

Finn Melbø

Administrerende direktør

Oppstilling av løyvingsrapportering

Behaldningar rapporterte i likviditetsrapport	Note	Rekneskap 2019
Inngåande saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank		34 149 780
Endringar i perioden		4 899 410
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank		39 049 190

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen, 31.12.

Konto	Kontonamn	Note	2019	2018	Endring
640601	Ordinære fond (eigedelar)		39 049 190	34 149 780	4 899 410
810601	Behaldningar på konto(ar) i Noregs Bank		-39 049 190	-34 149 780	-4 899 410

Note A | Forklaring av samla tildeling

Det er ikkje ført tildelingar eller tilskot til fondet i 2019.

Det er ikkje registrert noko tap knytt til utlån for tilsette og pensjonistar i NSB for 2019. Eventuelle tap ville vore dekte innanfor statens garantiansvar.

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapar for statlege fond er utarbeidde og avlagde etter nærmare retningslinjer fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen følger krava i føresegnene punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2019, punkt 8.

Jernbanens Pensjonskasseseffond blei ved lov av 8. juni 1974 nr. 54 overtatt av Statens pensjonskasse. Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er åtskild frå dei andre midlane til staten, og der bruken er bunden til eit nærmare fastsett formål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidlinga skal skje gjennom statens konsernkontoordning, og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Den øvre delen av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen på fondet og likviditetsrørslar på oppgjerskontoen fondet har i Noregs Bank. Alle finansielle eigedelar og forpliktingar som fondet er oppført med i statens kapitalrekneskap, er viste i nedre delen av oppstillinga.

Det er utarbeidd ein eigen prinsippnote til fondsrekneskapen.

Resultatrekneskap

	Note	31.12.2019	31.12.2018
Inntekter			
Renteinntekter frå utlån		239 700	394 772
Inntekter frå gebyr		12 445	19 399
Renteinntekter frå bank		356 359	147 427
Sum inntekter		608 504	561 598
Utgifter			
Administrasjonsutgifter	4	72 148	113 961
Sum utgifter		72 148	113 961
Årets resultat		536 356	447 637
Disponering av årets resultat			
Tilført statskassa		536 356	447 637
Sum disponering		536 356	447 637

Balanse

	Note	31.12.2019	31.12.2018
EIGEDLAR			
Utlån	2	10 007 169	14 541 811
Tidsforskyving	3	-	155 836
Innestående i Noregs Bank		39 049 190	34 002 353
Sum eigedelar		49 056 359	48 700 000
FONDSKAPITAL OG GJELD			
Kortsiktig gjeld	5	356 359	-
Fondskapital		48 700 000	48 700 000
Sum fondskapital og gjeld		49 056 359	48 700 000

Note 1 | Prinsippnote

Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Løpande inn- og utbetalningar knytte til låneporteføljen skjer på bankkontoar som tilhører SPK.

Justering av nettorørsle i låneporteføljen mot NSB-fondets konto i Noregs Bank skjer kontantmessig basert på rørsle i perioden.

Note 2

Av den samla fondskapitalen på 48 700 000 kroner var 10 007 169 kroner lånte ut ved utgangen av 2019.

Note 3

Løpande inn- og utbetalningar knytte til låneporteføljen skjer på bankkontoar som tilhører SPK.

Kontantmessig justering mot NSB-fondets konto i Noregs Bank er basert på rørsle i låneporteføljen i perioden.

Den kontantmessige justeringa i 2018 var basert på rørsle den førre månaden og utgjorde ei tidsforskyving i 2018.

Note 4

Vederlag til SPK for administrasjon av fondet er utgiftsført med 72 148 kroner.

Note 5

Kortsiktig gjeld på 356 359 kroner er opptente renter i Noregs Bank som skal gå til statskassa.

Statistikk

Tal på pensjonar 31.12.2019

Ordning	Pensjonar etter lov om SPK				Storting og stats- råder	Andre ordningar	Total	POA	Totalt inkl. POA
		Stat	Kommune/ fylkes- kommune	Andre					
AFP	Kvinner	2 410	4 283	771	0	4	7 439	269	7 708
	Menn	1 599	1 952	869	0	5	4 402	16	4 418
	Totalt	4 009	6 235	1 640	0	9	11 841	285	12 126
Alderspensjon	Kvinner	57 749	34 596	18 299	134	233	110 517	2 663	113 180
	Menn	56 782	24 904	17 571	193	82	99 287	279	99 566
	Totalt	114 531	59 500	35 870	327	315	209 804	2 942	212 746
Barnepensjon	Kvinner	543	267	224	0	1	1 035	10	1 045
	Menn	528	261	225	3	3	1 020	17	1 037
	Totalt	1 071	528	449	3	4	2 055	27	2 082
Ektefellepensjon	Kvinner	28 568	6 609	4 322	126	41	39 666	111	39 777
	Menn	5 750	2 644	1 464	11	6	9 875	269	10 144
	Totalt	34 318	9 253	5 786	137	47	49 541	380	49 921
Særalderspensjon	Kvinner	3 082	789	800	4	51	4 718	65	4 783
	Menn	5 606	382	1 332	23	47	7 383	2	7 385
	Totalt	8 688	1 171	2 132	27	98	12 101	67	12 168
Uførepensjon	Kvinner	14 088	10 606	6 879	1	27	31 601	1 352	32 953
	Menn	5 265	2 470	3 531	1	7	11 274	52	11 326
	Totalt	19 353	13 076	10 410	2	34	42 875	1 404	44 279
Tal på pensjonar	Kvinner	106 440	57 150	31 295	265	357	194 976	4 470	199 446
	Menn	75 530	32 613	24 992	231	150	133 241	635	133 876
	Totalt	181 970	89 763	56 287	496	507	328 217	5 105	333 322

Denne oversikta viser kor mange pensjonar fordelte på kjønn som var registrerte hos Statens pensjonskasse i dei ordningane vi administrerer, per desember 2019. Tala er baserte på godkjende pensjonsvedtak.

Statistikk framh.

Utvikling i saksmengda i forsikrings- og erstatningsordningar som SPK administrerer

	2015	2016	2017	2018	2019
Nye skademeldingar innan gruppeliv	292	205	189	184	170
Nye skademeldingar innan yrkesskade	603	651	669	601	580
Nye skademeldingar innan eingongserstatning for vernepliktige	55	57	53	78	63
Nye skademeldingar innan personskade bilansvar	33	45	20	18	9
Nye skademeldingar innan rettferdsvederlag psykiske seinskadar internasjonale operasjonar (forskrift 02.12.2005)	34	53	57	34	27
Nye skademeldingar innan kompensasjonsordning veteran Intops («35 G-ordninga»)	68	70	62	53	45
Nye skademeldingar innan forsvarslova § 55 (objektivt ansvar personskade Intops-personell)	2	5	5	5	2
Krav etter endring 18.06.2012 i kompensasjonsordning Intops («65 G-ordninga»)	29	13	6	1	4
Krav særavtalar tenestereiser innland og utland, og stasjonering i utlandet	9	12	28	19	13
Krav i andre ordningar	7	7	9	10	4
Samla tal på opne saker ved enden av perioden (alle ordningane)	693	728	794	798	815

* Tala ovanfor avvik med tidlegare statistikkar. SPK har no fått tilgang til betre datagrunnlag.

Vårt bidrag til Regjeringa sin inkluderingsdugnad

I juni 2018 vedtok Regjeringa ein inkluderingsdugnad der alle statlege verksemdar skal utvikle rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet sitt med sikte på å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Her gjer vi greie for korleis rekrutteringsarbeidet i SPK har vore innretta for å nå Regjeringa si målsetjing på 5 %, i tillegg til resultatet av arbeidet.

SPK har rekruttert og tilsett 2 medarbeidarar med hol i CV-en i 2019, som utgjer 5,4 prosent av nytilsetjingane dette året. Vi har derfor klart målsetjinga til Regjeringa. Hovudårsaka til at vi har klart dette målet er at vi over fleire år har hatt god erfaring med bruk av praksisplassar. Her har fleire fått verdfull arbeidstrening og erfaring for å komme tilbake til arbeidslivet, samtidig som SPK har fått fordelene av å bli kjend med fleire kompetente kandidatar.

Vi har oppdatert leiarhandboka vår og tatt inn målsetjinga for inkluderingsdugnaden, slik at alle leiarane våre er informerte og blir oppmoda til å særskilt vurdere søkarar som oppgir at dei har nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

For å synleggjere at SPK er ein arbeidsplass som kan og vil legge til rette for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne,

informerer vi i alle stillingsutlysingane våre om at SPK har kontorløysingar med universell utforming og heis i bygget. Dette meiner vi kan medverke til at vi trekker til oss aktuelle kandidatar til dei aktuelle stillingane uavhengig av funksjonsevne.

SPK er midt oppe i ein omfattande reformperiode som inneber at vi må endre, eller vidareutvikle, både interne system, kalkulatorar og anna sjølvbeteningsverktøy på spk.no. Universell utforming er lagd som føring for dette arbeidet.

Ei av utfordringane med å legge til rette for inkluderingsdugnaden til Regjeringa har vore at regelverket ikkje var på plass då inkluderingsdugnaden blei vedtatt medio 2018. Endringane i forskriftene til statstilsettelova blei først fastsett i statsråd 13.12.19. Fram til no har ikkje rekrutteringsverktøyet vi bruker gitt søkarar høve til å registrere at dei har hol i CV-en, slik som dei med nedsett funksjonsevne kan gjere. Dermed blir desse kandidatane lett usynlege i ein stor søkarmasse. Frå 01.01.2020 gir dei største rekrutteringsportalane dei som har hol i CV-en høve til å registrere dette.



Oppfølging av arbeidslivskriminalitet

Ei av fellesføringane til Regjeringa for 2019 er at offentlege oppdragsgivarar, som innkjøparar av varer og tenester, skal ta på seg eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Regjeringa forventar at offentlege verksemdar går føre i arbeidet med å fremje eit seriøst arbeidsliv.

Som det går fram i tildelingsbrevet, skal SPK sikre at leverandørane våre følger lover og reglar både når dei tildeler oppdrag og når dei følger opp inngåtte kontraktar. I dette vedlegget gjer vi greie for aktivitetar og resultat i SPK, frå oppfølginga av inngåtte kontraktar til korleis anskaffingane er innretta for å ta omsyn til dette vilkåret.

Omfang

I 2019 hadde SPK ein avtaleportefølje på 98 avtalar. Vi følger systematisk opp lønns- og arbeidsvilkår og har gjennomført ei risikovurdering av porteføljen. Alle avtalar er klassifiserte etter skalaen lågt, middels eller høgt risikonivå. Avtalane fordeler seg på dei ulike risikoklassane med høvesvis 79 på låg, 14 på middels og 5 på høg. Sjå figuren nedanfor.

Av denne avtaleporteføljen er det 42 avtalar som utgjer tenestekjøp over EØS-terskelverdi og som såleis kjem inn under forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. To av avtalane er Difis fellesavtalar og blir følgde opp sentralt.

Aktivitetar i 2019

Forbetringar i eigenrapporteringskjemaet for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår

I samband med oppfølginga av lønns- og arbeidsvilkår for 2019 har SPK gjort ein del forbetringar i eigenrapporteringskjemaet. Spørsmåla er betre strukturerte og meir presise, og det er laga ei utførleg rettleiing for svaret frå leverandørane. Dokumentasjonsbyrda for leverandørane som må svare på eigenrapporteringskjemaet er til dels stor. Derfor er det laga tre ulike versjonar av dette skjemaet, tilpassa kvar av risikoklassane. Talet på spørsmål i skjemaet, og såleis dokumentasjonsbyrda, aukar med risikonivået for avtalen.

I 2019 blei det sendt ut skjema til 21 tenesteleverandørar, det vil si halvparten av dei som kjem inn under forskrift om lønns- og arbeidsvilkår.

Leverandørar på avtalar som SPK skal gjennomføre ein ny anskaffingsprosess på i 2020 fekk ikkje dette skjemaet, og heller ikkje dei vi sende ut skjema til i 2018. Som det går fram i figuren nedanfor er berre to av desse leverandørane vurderte til risikoklassen høg.

Proaktiv kontroll

I tillegg til å følge opp lønns- og arbeidsvilkår for etablerte avtalar, har SPK i 2019 tatt inn kontroll av lønns- og arbeidsvilkår i anskaffingsprosessen før vi inngår kontrakt med ein leverandør. Dette blir praktisert for nye avtalar av tenestekjøp over EØS-terskelverdi i risikoklasse middels og høg.

Forbetring av system og rutinar

Ein aktivitet som SPK vil halde fram med i 2020, er at vi gjennomfører ei ekstern kvalitetssikring av etablerte rutinar og prosessar for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår. Ei meir strukturert risikovurdering av avtalane og betre dokumentasjon av risikovurderingane er førebels nemnt som forbetringsspunkt, i tillegg til å oppdatere risikovurderingane etter at eigenrapporteringa er send inn frå leverandørane. Vi må òg etablere betre rutinar for å følge opp leverandørane vidare i dei tilfella der eigenrapporteringa avdekkar brot, eller risiko for brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår.


Resultat

Av dei 21 tenesteleverandørane som fekk tilsendt eigenrapporteringskjemaet i 2019, har 80 % svart.


Konklusjon:


Basert på svara vi har fått inn har SPK ikkje avdekt noko urovekkande hos leverandørane våre, og vi har ikkje funne noko som tyder på at leverandørane ikkje følger lover og reglar knytte til lønns- og arbeidsvilkår.

Figur 1: SPK sin avtaleportefølje på 98 avtalar fordelt seg slik på ulike risikoklassar



Inndelinga i risikoklassar for avtalane vi følgde opp i 2019





Årsrapport gitt ut av Statens pensjonskasse.
Vi tar atterhald om trykkfeil.

Foto: Statens pensjonskasse, (s. 1, 4, 15)
iStock by Getty Images (s. 3, 6, 38, 41, 44)